



## Innkalling Formannskapet

**Møtedato:** 24.06.2014  
**Møtested:** Kommunehuset - Børilden  
**Møtetid:** 09:00

Sak 144/14 er ikkje offentleg og sakspapir vert delt ut i møte

Forfall skal meldast til Servicekontoret t. 56162000/post@austrheim.kommune.no  
Varamedlem møter berre etter nærare innkalling

### Saksliste

<b>Saksnr</b>	<b>Tittel</b>
133/14	Godkjenning av innkalling og saksliste
134/14	Godkjenning av møteprotokoll
135/14	Meldingar
136/14	Delegerte saker
137/14	Orienteringssak
138/14	Sak 14/982 Byggesak gbnr 132/66 Utkilen - kai og naust - dispensasjon
139/14	Sak 14/769 - Austrheim Kystbarnehage - søknad om dispensasjon
140/14	Detaljreguleringsplan for Næringsområde NO5 Leirvågkrysset, arealplanid. 2005006 - 2. gongs offentleg ettersyn
141/14	Detaljregulering for Torvhaugane bustadfelt- Leikvoll- Gbnr 140/1- Arealplanid 2007006- Offentleg ettersyn
142/14	Søknad om tilskot for erstatning av trådlaust utstyr
143/14	Budsjettoppfølging mai 2014
144/14	Søknad om etableringstilskot og lån

Dato 17.06.14

Per Lerøy  
Ordfører

Jan Olav Osen  
rådmann

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
133/14	Formannskapet	PS	24.06.2014

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Kristin Nesbø		14/1021

### Godkjenning av innkalling og sakliste

#### Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

#### Saksopplysninger:

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
134/14	Formannskapet	PS	24.06.2014

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Kristin Nesbø		14/1021

### Godkjenning av møteprotokoll

#### Vedlegg:

Protokoll - Formannskapet - 11.06.2014

#### Framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

#### Saksopplysninger:



## Møteprotokoll Formannskapet

**Møtedato:** 11.06.2014  
**Møtestad:** Kommunehuset - Børilden  
**Møtetid:** 09:00 - 15:30

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordførar
Helge Dyrkolbotn	KRF	Varaordførar
Liv Ulvøy	V	Medlem

Forfall:	Parti
Ernst Stellberg	H
Reidar Øksnes	SP

Vara:	Parti	Merknad
Knut Risnes	KRF	Fram til kl. 12.00
Anita Soltveit	H	

Desse møtte frå administrasjonen: Rådmann Jan Olav Osen og avdelingsleiar Asbjørn Nagell Toft

Dato 16.06.2014

Per Lerøy  
ordførar

Jan Olav Osen  
rådmann

## Sakliste

Saknr	Tittel
118/14	Godkjenning av innkalling og sakliste
119/14	Godkjenning av møteprotokoll
120/14	Meldingar
121/14	Delegerte saker
122/14	Orienteringssak
123/14	Vedtak- Områdeplan for Nordre Fønnesvågen-Planid. 2011002- Offentleg ettersyn
124/14	Tertialrapport 1, 2014
125/14	Budsjettendringar 2014 - Tertial nr. 1
126/14	Budsjett 2014 - Økonomiplan 2015 - 2018
127/14	Framlegg til offentleg høyring Kommuneplanens Samfunnsdel 2014-2024
128/14	Vedtak- Dispensasjonssøknad for deling av eldre bustadhus og nausttomt på gbnr.152/3-Litle Lindås
129/14	Vedtak- Oppstart av planendring på "Reguleringsplan Hyttefelt på Lauvøy 160/70 "- Planid. 2007002.
130/14	Tilstandsrapport for grunnskulen i Austrheim 2014
131/14	Samarbeidsavtale mellom Austrheim kommune ved Austrheim folkebibliotek og Austrheim vidaregåande skule
132/14	Ny rammeplan for kulturskulen - høyring

## **118/14: Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

### **Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke,

### **Vedtak:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

---

## **119/14: Godkjenning av møteprotokoll**

### **Framlegg:**

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

### **Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak:**

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

---

## **120/14: Meldingar**

### **Framlegg:**

Meldingane vert tekne til orientering

**Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Meldingane vert tekne til orientering

---

**121/14: Delegerete saker****Framlegg:**

Delegerete saker vert tekne til orientering

**Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

**Vedtak:**

Delegerete saker vert tekne til orientering

---

**122/14: Orienteringssak****Framlegg:****Handsaming:**

Det var ingen orienteringar.

**Vedtak:**

Det var ingen orienteringar.

---

## **123/14: Vedtak- Områdeplan for Nordre Fønnesvågen-Planid. 2011002- Offentleg ettersyn**

### **Framlegg:**

Austrheim kommune legg områdeplan for Nordre Fønnesvågen med planid. 2011002 ut til offentlig ettersyn. Plandokumenta er datert 03.06.2014. Grunngevinga for vedtaket står i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova §12-10.

### **Handsaming:**

#### Fellesframlegg:

Austrheim kommune legg områdeplan for Nordre Fønnesvågen med planid. 2011002 ut til offentlig ettersyn. Plandokumenta er datert 03.06.2014 med føresegner datert 10.06.14. Grunngevinga for vedtaket står i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova §12-10.

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak:**

Austrheim kommune legg områdeplan for Nordre Fønnesvågen med planid. 2011002 ut til offentlig ettersyn. Plandokumenta er datert 03.06.2014 med føresegner datert 10.06.14. Grunngevinga for vedtaket står i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova §12-10.

---

## **124/14: Tertialrapport 1, 2014**

### **Framlegg:**



Tertialrapport nr.1 år 2014, vert tatt til vitande.

### Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

### Vedtak:

Tertialrapport nr.1 år 2014, vert tatt til vitande.

## 125/14: Budsjettendringar 2014 - Tertial nr. 1

### Framlegg:

Budsjettendringane vert vedteke slik dei ligg føre i tabellen under:

Art	Ansvar	Tjeneste	Kontotekst	Øke utg. +	Redu utg -	Øke innte -	Red. innt +
	900		Redusering av skatt				2 000
	900		Redusere inntektsutjevning		-1 200		
	900		Redusere utbytte				134
	100		Økning fastlønn	150			
	190		Økning lønn lærlinger	300			
	101		Økning midler til ungdomsrådet	50			
	210		Redusere fastlønn		-107		
	210		Redusere fastlønn statlige vilkår		-361		
	210		Redusere vikarer fødselspermisjon		-32		
	604		Øke kostnader	900			
	600		Redusere utgifter teknisk		-400		
	220		Rdusere utgifter Kystbarnehagen		-500		
	211		Redusere utgifter Kaland skole		-250		
	330		Redusere utgifter Nordliheimen		-200		
	332		Redusere utgifter hjemmestj.1		-150		
	500		Redusere plan og byggesak.		-200		
	333		Redusere utgifter hjemmestj.2		-134		
	900		Øke inntekt eiendomskatt			-100	
	801		Økt tillegssløyvingar formannskap	100			
	099		Overføring fra nye omsorgsboliger			-700	
	099		Salg av barnehage			-2 500	
	099		Klubbhus		3 200		
	099		Trafikksikring etter plan			-100	
	099		Utviding av fortau	100			
	099		Bruk av Fond			-187	
	099		Parkeringsplass Krossøy	187			

1 787	-334	-3 587	2 134
-------	------	--------	-------

### Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

### Vedtak:

Budsjettendringane vert vedteke slik dei ligg føre i tabellen under:

Art	Ansvar	Tjeneste	Kontotekst	Øke utg. +	Redu utg -	Øke innte -	Red. innt +
		900	Redusering av skatt				2 000
		900	Redusere inntektsutjevning		-1 200		
		900	Redusere utbytte				134
		100	Økning fastlønn	150			
		190	Økning lønn lærlinger	300			
		101	Økning midler til ungdomsrådet	50			
		210	Redusere fastlønn		-107		
		210	Redusere fastlønn statlige vilkår		-361		
		210	Redusere vikarer fødselspermisjon		-32		
		604	Øke kostnader	900			
		600	Redusere utgifter teknisk		-400		
		220	Redusere utgifter Kystbarnehagen		-500		
		211	Redusere utgifter Kaland skole		-250		
		330	Redusere utgifter Nordliheimen		-200		
		332	Redusere utgifter hjemmestj.1		-150		
		500	Redusere plan og byggesak.		-200		
		333	Redusere utgifter hjemmestj.2		-134		
		900	Øke inntekt eiendomskatt			-100	
		801	Økt tilleggsøyvingar formannskap	100			
		099	Overføring fra nye omsorgsboliger			-700	
		099	Salg av barnehage			-2 500	
		099	Klubbhus		3 200		
		099	Trafikksikring etter plan			-100	
		099	Utviding av fortau	100			
		099	Bruk av Fond			-187	
		099	Parkeringsplass Krossøy	187			
				1 787	-334	-3 587	2 134

## 126/14: Budsjett 2014 - Økonomiplan 2015 - 2018

### Framlegg:

1. Økonomiplan 2015-2018, vert vedteke slik det ligg føre i tabelloppsettet i saksutgreiinga, med fylgjande endringar på driftsrammene for dei einkilde driftsåra:

Rammeområde:	2015	2016	2017	2018

1. 1. års ramme i økonomiplanen, vert grunnlaget for det vidare arbeidet med å fastsetje Årsbudsjettet for år 2015
3. Dei totale investeringsrammene for åra 2015-2018, vert vedteke slik dei ligg føre i vedlagte tabelloppsett, med fylgjande endringar for dei einkilde driftsåra:

Pr.nr.	Investeringar:	2015	2016	2017	2018

### Handsaming:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes tilrådd.

### Vedtak:

1. Økonomiplan 2015-2018, vert vedteke slik det ligg føre i tabelloppsettet i saksutgreiinga.
  2. 1. års ramme i økonomiplanen, vert grunnlaget for det vidare arbeidet med å fastsetje årsbudsjettet for år 2015
  3. Dei totale investeringsrammene for åra 2015-2018, vert vedteke slik dei ligg føre i vedlagte tabelloppsett.
-

## **127/14: Framlegg til offentlig høyring Kommuneplanens Samfunnsdel 2014-2024**

### **Framlegg:**

Austrheim kommunestyre vedtek at framlegget «Austrheim kommune – Samfunnsdel kommuneplan 2014-24» vert lagt ut til høyring og offentlig ettersyn etter reglane i Plan og Bygningslova § 11-14.

### **Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

### **Vedtak:**

Austrheim kommunestyre vedtek at framlegget «Austrheim kommune – Samfunnsdel kommuneplan 2014-24» vert lagt ut til høyring og offentlig ettersyn etter reglane i Plan og Bygningslova § 11-14.

---

## **128/14: Vedtak- Dispensasjonssøknad for deling av eldre bustadhus og nausttomt på gbnr.152/3-Litle Lindås**

### **Framlegg:**

#### **1.Frådeling av eldre bustadhus:**

Formannskapet gjev på vilkår som omsøkt dispensasjon til frådeling av eldre våningshus på eigedom gnr. 152, bnr. 3.

- Vilkåret er at frådelt våningshus utbetrar eller endrar avkøyringa og friskilta mot kommunevegen i tråd med vegnormalane til Statens vegvesen sin «**Håndbok 017 Veg- og gateutforming.**»

-Vilkåret er at landbrukseigedom gnr. 152/3 og gnr. 152/9 frå tinglyst vegrett som i dag forbi frådelt våningshus til landbruksarealet lengre aust. Denne vegretten fell vekk om anna landbruksveg av minst same standard vert bygd inn i dette området frå ein annan stad.

Grunngjeving for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 1-8 og § 26-1.

Vedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland på klagevurdering.

#### **2.Frådeling av naustgrunn:**

Austrheim kommune gjev avslag på omsøkt dispensasjon til frådeling av nausttomt for eigedom gnr. 152, bnr. 3.

Grunngjeving for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 1-8 og § 26-1.

**Handsaming:**

Det var synfaring i saka der fylgjande var tilstades:

Frå Austrheim formannskap: Per Lerøy, Helge Dyrkolbotn, Liv Uløy og Anita Soltveit

Frå administrasjonen: Asbjørn Toft

Frå søkar: Margrethe Askerhaug

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:****1. Frådeling av eldre bustadhus:**

Formannskapet gjev på vilkår som omsøkt dispensasjon til frådeling av eldre våningshus på eigedom gnr. 152, bnr. 3.

- Vilkåret er at frådelt våningshus utbetrar eller endrar avkøyringa og frisikta mot kommunevegen i tråd med vegnormalane til Statens vegvesen sin «**Håndbok 017 Veg- og gateutforming.**»

-Vilkåret er at landbrukseigedomene gnr. 152/3 og gnr. 152/9 frå tinglyst vegrett som i dag forbi frådelt våningshus til landbruksarealet lengre aust. Denne vegretten fell vekk om anna landbruksveg av minst same standard vert bygd inn i dette området frå ein annan stad.

Grunngjeving for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 1-8 og § 26-1.

Vedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland på klagevurdering.

**2. Frådeling av naustgrunn:**

Austrheim kommune gjev avslag på omsøkt dispensasjon til frådeling av nausttomt for eigedom gnr. 152, bnr. 3.

Grunngjeving for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 1-8 og § 26-1.

---

**129/14: Vedtak- Oppstart av planendring på "Reguleringsplan Hyttefelt på Lauvøy 160/70 "-Planid. 2007002.****Framlegg:**

I medhald av plan- og bygningslova § 12-14 vedtek Austrheim kommune igangsetting av mindre planendring for "Reguleringsplan Hyttefelt på Lauvøy 160/70 " med Planid. 2007002. Formålet med planendringa er å endra føresegnene og plankartet slik at utvikling av hyttefeltet vidare vert i tråd med gjeldane praksis og tidlegare løyve gjeve her. Grunngjevinga for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga.

**Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

I medhald av plan- og bygningslova § 12-14 vedtek Austrheim kommune igangsetting av mindre planendring for "Reguleringsplan Hyttefelt på Lauvøy 160/70 " med Planid. 2007002. Formålet med planendringa er å endra føresegnene og plankartet slik at utvikling av hyttefeltet vidare vert i tråd med gjeldane praksis og tidlegare løyve gjeve her. Grunngevinga for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga.

---

**130/14: Tilstandsrapport for grunnskulen i Austrheim 2014****Framlegg:**

Tilstandsrapport for grunnskulen i Austrheim 2014 vert tatt til vitande, slik han ligg føre.

**Handsaming:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Tilstandsrapport for grunnskulen i Austrheim 2014 vert tatt til vitande, slik han ligg føre.

---

**131/14: Samarbeidsavtale mellom Austrheim kommune ved Austrheim folkebibliotek og Austrheim vidaregåande skule****Framlegg:**

Austrheim kommunestyre godkjenner samarbeidsavtale mellom Austrheim kommune og Austrheim vidaregåande skule om drift av skulebiblioteket frå skulestart sommar 2014. AVS kjøper 35% bibliotekressurs frå folkebiblioteket.

**Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

**Vedtak:**

Austrheim kommunestyre godkjenner samarbeidsavtale mellom Austrheim kommune og Austrheim vidaregåande skule om drift av skulebiblioteket frå skulestart sommar 2014. AVS kjøper 35% bibliotekressurs frå folkebiblioteket.

---

**132/14: Ny rammeplan for kulturskulen - høyring****Framlegg:**

Austrheim kommune er positiv til ny rammeplan for kulturskulen, men ser at vi ikkje klarar å løyse alle programma i «Mangfold og fordypning» innan for eksisterande ressursar. Utfylt høyringsmal vert sendt til Norsk kulturskoleråd.

**Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Austrheim kommune er positiv til ny rammeplan for kulturskulen, men ser at vi ikkje klarar å løyse alle programma i «Mangfold og fordypning» innan for eksisterande ressursar. Utfylt høyringsmal vert sendt til Norsk kulturskoleråd.

---

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
135/14	Formannskapet	PS	24.06.2014

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Kristin Nesbø		14/1021

### Meldingar

#### Framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering

#### Saksopplysninger:



## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
136/14	Formannskapet	PS	24.06.2014

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Kristin Nesbø		14/1021

### Delegerte saker

#### Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
079/14	Løyve - utan ansvarsrett - gbnr 137/10 - Njøten - tilbygg - sommarstove
081/14	Sak 14/571 Byggesak gbnr 128/76 Mongstad - lærlingebygg - ferdigattest
082/14	Løyve gbnr 165/ 6 m. fl. Langøy, Sævrøy, Baløy - vassforsyning
083/14	Rammeløyve - byggesak gbnr 130/24 - Kalandssjøen - garasje og avkøyrslø
084/14	Løyve gbnr 160/65 og 67 - Lamholmen - fritidsbustad

#### Framlegg til vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
137/14	Formannskapet	PS	24.06.2014

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Kristin Nesbø		14/1021

### Orienteringssak

### Framlegg til vedtak:

### Saksopplysninger:

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
138/14	Formannskapet	PS	24.06.2014

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Thomas Lindås	Gbnr - 132/66	14/982

### Sak 14/982 Byggesak gbnr 132/66 Utkilen - kai og naust - dispensasjon

#### Vedlegg:

Teikning

#### Framlegg til vedtak:

Formannskapet i Austrheim gjev dispensasjon til naust, kai og bølgebrytar som omsøkt.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga.


Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. §§ 1-8 og 11-6.

Vedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering.

#### Saksopplysninger:

##### Bakgrunn

Det er søkt om dispensasjon for bygging av naust på 24 m<sup>2</sup>, kai på 9 meter og bølgebrytar, på frådelt naustetomt. Naustetomten vart frådelt i 2008 og er på 109 m<sup>2</sup>. Arealformålet på eigdommen er LNF – spredt bustabygging tillete.



Søknaden er nabovarsla, det er ikkje merknader til nabovarsel.

## Vurdering

### Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert omsøkte tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Det er særleg vektlegg berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no).

Ein finn ikkje at omsøkte tiltak vil komme i konflikt med naturmangfaldslova. I vurderinga har ein mellom anna nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

### Vurdering etter plan- og bygningslova

Ved handsaming av dispensasjonssøknaden skal det vurderast om dei omsyna som ligg bak byggeforbodet i strandsona samt LNF-formålet i kommuneplanen blir vesentleg tilsidesett. Det er omsynet til natur- og kulturmiljø, landbruk, landskap, friluftsliv og tilgjenge for allmenta som er vurderingstema.

Vidare skal det vurderast om fordelane ved å gje dispensasjonsløyve blir klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering. Nasjonale og regionale rammer og mål skal leggjast til grunn for avveging av interesser.

Omsyna bak LNF føremålet i kommuneplanen og byggjeforbodet i strandsona er å sikre natur- og kulturmiljø, landbruk, landskap, friluftsliv og tilgjenge for allmenta. Området som naust med kai er planlagt bygd på er utanfor areal som kan nyttast til landbruk og er eit beskjedent areal heilt i strandsona. Omsyna som her gjer seg gjeldande er i hovudsak friluftsliv og tilgjenge for allmenta.

Tomta ligg i ei vik nedanfor ei rekkje med einebustader og fritidsbustader. Tomta ligg verhardt til og det er vanskeleg å komme til land utan å opparbeide kai og bølgebrytar. Arealet er difor særst lite nytta av allmenta. Med bakgrunn i dette er det difor klart at omsynet til friluftsliv og tilgjenge for

allmenta ikkje vert vesentleg tilsidesett.

Det må vidare vurderast om fordelane med å gje dispensasjon er større enn ulempene etter ei samla vurdering.

For det første er det her tale om ei naustetomt som vart frådelt i nyare tid med formål å byggje naust. Dette talar for å gje dispensasjon.

Vidare er det her eit areal som har liten verdi for allmenta, det er vanskeleg å komme til både frå land og sjøsida og arealet vert i praksis ikkje nytta til friluttsføremål.

Det må og peikast på at tiltakshavar har vert i kontakt med naboar i saka og vil freiste å få til ei fellesløsning for fleire av eigarane i området som gjer at det vert mogleg for fleire å få nytte kaien og dei fortøyningsmulighetane ein bølgebrytar gjev. Det at ein kan få til ei fellesløsning her talar og for å gje dispensasjon.

Når det gjeld sjølve tiltaket er naustet redusert i størrelse for å gje eit godt uttrykk mot sjø. Naustet er på 24 m<sup>2</sup> og vil tene som oppbevaring av reiskap. Tiltakshavar har og lagt vekt på ei god terrengtilpassing med minst mogleg inngrep i eksisterande terreng. Tiltaket sin størrelse vil difor vere med på å dempe den privatiserande verknaden. Dette talar og for å gje dispensasjon.

Når da gjeld eventuelle presedensverknader så er det her tale om ei naustetomt som for få år sidan blei frådelt til naustformål. Saka har difor begrensa overføringsverdi til andre saker og vil ikkje medføre noko frislepp i strandsona.

Etter ei konkret vurdering er fordelane med å gje dispensasjon klart større enn ulempene. Dette særleg grunna tiltaket si plassering samt størrelse og visuelle uttrykk. Samla sett bør det difor gjevast dispensasjon i saka.

## **Konklusjon**

Det vert gjeve dispensasjon til naust, kai og bølgebrytar som omsøkt.






Situsajonsplan



Perspektiv fra kart og tegning









Naust og kai satt i terrenget ( bildemontasje)



Naust og kai satt i terrenget ( bildemontasje)







<b>Prosjekt:</b> Naust Gnr. 132 Bnr 66	
<b>Tiltakshaver:</b> Irene og Oddmund Leirvåg Utkilen 5952 Austrheim	
 <b>Prosjekterende:</b> ADU Ing. Atle. D. Utkilen Pb75 5952 tLF. 56168080 Fornes	
© Alle rettigheter tilhører utførende for prosjekteringen, kopiering eller bruk av disse tegningene er forbudt uten skriftlig samtykke	
<b>Dato:</b> Dato 20140605	<b>Tegning:</b> Plan ,Fasader og 3D Bilde
<b>Målestokk:</b> 1:100	<b>Tegningsnr.:</b> A20-01

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
139/14	Formannskapet	PS	24.06.2014

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Thomas Lindås	FE - 614	14/769

### Sak 14/769 - Austrheim Kystbarnehage - søknad om dispensasjon

#### Vedlegg:

Søknad om dispensasjonar for Austrheim Kystbarnehage  
Austrheim kystbarnehage - uttale Arbeidstilsynet

#### Framlegg til vedtak:

Åpningsmotstand dører - TEK 10 § 12-15

Formannskapet i Austrheim gjev dispensasjon på følgjande vilkår:

- Dør som er beregnet for manuell åpning skal kunne åpnes med åpningskraft på maksimum 30 N. Kravet gjelder for dører til og i hovedatkomst og hovedrømningsvei.

Plassering stikkontaktar – TEK 10 § 12-21

Formannskapet i Austrheim gjev dispensasjon som omsøkt.

Plassering brannmeldarar – TEK 10 § 12-21

Formannskapet i Austrheim gjev ikkje dispensasjon.

Kontrast innvendige dører – TEK 10 § 12-15

Formannskapet i Austrheim gjev ikkje dispensasjon.

Dusj sone – TEK 10 § 12-9

Formannskapet i Austrheim gjev dispensasjon som omsøkt.

Innvendige trapper – TEK 10 § 12-16

Formannskapet i Austrheim gjev ikkje dispensasjon.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2.

Vedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering.

## **Saksopplysninger:**

### **Bakgrunn**

Ved tilsyn på Kystbarnehagen har bygningsmynda avdekket fleire forhold som kan vere i strid med Byggeteknisk forskrift – TEK 10. Nokre av forholda er retta og for gjenstående arbeid vert det no søkt om dispensasjon frå krav til utforming.

Søknad om dispensasjon ligg vedlagt med søkjar si grunngjeving samt bilete av dei aktuelle forholda.

Dei aktuelle forholda det er søkt om dispensasjon for er: Åpningsmotstand dører, plassering stikkontaktar, plassering brannmelder, kontrast på innvendige dører, dusj sone, innvendige trapper.

Saka er ikkje nabovarsla då det er klart at naboar sine interesser ikkje vert røyrd av omsøkte dispensasjon.

Søknad om dispensasjon er sendt Fylkesmannen i Hordaland og arbeidstilsynet for uttale. Fylkesmannen i Hordaland kom ikkje med uttale i saka innan fristen, Arbeidstilsynet kom med uttale den 20/05/14:

*«Henviser til arbeidsmiljøloven § 3-4 når det gjelder dusj i virksomheter :*

*Arbeidsgiver skal i tilknytning til det systematiske helse-, miljø- og sikkerhetsarbeidet, vurdere tiltak for å fremme fysisk aktivitet blant arbeidstakerne.*

*Ellers har jeg ingen bemerkninger»*

### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Grunna at det her er tale om dispensasjon frå tekniske krav internt i eit byggverk er det klart at eventuell dispensasjon ikkje vil råke ved naturmangfaldet.

### **Vurdering etter plan- og bygningslova**

Det følgjer av plan- og bygningslova § 19-2, 2. ledd: *«Dispensasjon kan ikke gis dersom hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, eller hensynene i lovens formålsbestemmelse, blir vesentlig tilsidesatt. I tillegg må fordelene ved å gi dispensasjon være klart større enn ulempene etter en samlet vurdering. Det kan ikke dispenseres fra saksbehandlingsregler.*

*Ved dispensasjon fra loven og forskrifter til loven skal det legges særlig vekt på dispensasjonens konsekvenser for helse, miljø, sikkerhet og tilgjengelighet.»*

Det går fram av plan- og bygningslovens formålsbestemmelse § 1-1, 6. ledd at: *«Prinsippet om universell utforming skal ivaretas i planleggingen og kravene til det enkelte byggetiltak. Det samme gjelder hensynet til barn og unges oppvekstvilkår og estetisk utforming av omgivelsene»*

Når det så gjeld dei ulike forholda det er søkt om må dei vurderast individuelt.

### **Åpningsmotstand dører - TEK 10 § 12-15**

Først må det vurderast om det kan gjevast dispensasjon for åpningsmotstand for dører. Kravet i TEK 10 § 12-15, pkt. 3, bokstav b, er som følgjer: «*Dør som er beregnet for manuell åpning skal kunne åpnes med åpningskraft på maksimum 20 N.*» Søkjar på si side meiner dette er nærmast umulig å oppnå i alle nye byggverk.

Det må her først vurderast om omsyna bak bestemmelsen det vert dispensert frå vert vesentleg tilsidesett. Hensynet bak krav om åpningskraft på 20 N er å sikre at personar med redusert armkraft/håndkraft kan åpne dører. Om døra krev for stor åpningskraft vil det tilsidesette kravet, om hensynet vert vesentleg tilsidesett kjem ann på kor stor åpningsmotstanden blir. Søkjar har ikkje angitt kva nivå som dei ønskjer å leggje åpningsmotstanden på. Om ein difor ser til kommunal- og moderniseringsdepartementet sit høringsbrev av 08/06/14 med høyringsfrist 01/09/14 så er det her foreslått endring av krav til åpningsmotstand på dører. Forslaget er at: «*Dør som er beregnet for manuell åpning skal kunne åpnes med åpningskraft på maksimum 30 N. Kravet gjelder for dører til og i hovedatkomst og hovedrømningsvei.*» Då dette er eit høyringsforslag må det tilleggast begrensa vekt, likevel framstår det som ei god løysing, at kravet til åpningskraft vert avgrensa til dører til og i hovedatkomst og hovedrømningsvei og at åpningsmotstanden vert sett til 30 N vil ikkje vesentleg tilsidesette formålet bak bestemmelsen. Når det så gjeld vurderinga av fordeler og ulemper er det fleire moment som må vektast. For det første er bygget ein barnehage, grunna sin funksjon kan det difor vere teneleg at ikkje alle dører lar seg opne med automatisk døropnar. Vidare vil og kostnadane med å installere automatiske døropnarar vera betydelig. Etter ei samla vurdering vil det difor vere eit godt alternativ å gje dispensasjon slik at kravet vert sett slik at det samsvarer med kommunal- og moderniseringsdepartementet sit høringsbrev.

Konklusjonen vert difor at det vert gjeve dispensasjon frå krav om åpningsmotstand på dører. Bygget skal tilfredstille følgjande krav:

- Dør som er beregnet for manuell åpning skal kunne åpnes med åpningskraft på maksimum 30 N. Kravet gjelder for dører til og i hovedatkomst og hovedrømningsvei.

### **Plassering stikkontakter – TEK 10 § 12-21**

Vidare må det vurderast om det kan gjevast dispensasjon for plassering av stikkontakter. Kravet i TEK 10 § 12-21, pkt. 3, bokstav a, er som følgjer: «*Stikkontakter skal monteres minimum 0,5 m fra hjørne.*» Søkjar peiker på at stikkontaktar nokre plassar er plassert nærare hjørne enn 0,5 meter, men at det er så mange stikkontaktar i bygget at kravet til universell utforming likevel er ivaretatt.

Det må her først vurderast om hensyna bak bestemmelsen det vert dispensert frå vert vesentleg tilsidesett. Hensynet bak kravet om at stikkontaktar skal plasserast 0,5 meter frå

hjørne er at dei skal vere tilgjengeleg for bevegelsehemma, til dømes i rullestol. I bygget er det etablert mange stikkontaktar, dette etter dialog med byggherre. Sidan bygget har fleire stikkontaktar i romma som er meir enn 0,5 meter frå hjørne er det klårt at hensynet bak bestemmelsen ikkje vert vesentleg tilsidesett.

Når det så gjeld vurderinga av om fordelane er større enn ulempene så må det først peikast på at plassering av stikkontaktane er gjort for å tilpasse seg bygget sin funksjon. Dette taler for å dispensere. Vidare er det og ein betydelig kostnad og ulempe for bruken å flytte stikkontaktane no for å tilfredstille kravet. Dette taler og for å dispensere. Når det gjeld eventuelle presedensverknader av å gje dispensasjon er denne mindre då det her er tale om ein barnehage som grunna sin funksjon og tilgang på andre stikkontaktar kan ha stikkontaktar nærare vegg enn 0,5 meter.

Konklusjonen vert difor at det vert gjeve dispensasjon frå krav om at stikkontaktar skal plasserast minimum 0,5 meter frå vegg.

### **Plassering brannmeldarar – TEK 10 § 12-21**

Vidare må det vurderast om det kan gjevast dispensasjon for plassering av betjeningspanel for brannvarsling. Kravet i TEK 10 § 12-21, pkt. 3, bokstav a, er som følgjer: «*Betjeningspanel skal være plassert med betjeningshøyde mellom 0,8 m og 1,1 m over ferdig gulv.*» Søkjar viser til at manuell brannmeldar er plassert 1,4 meter over golv då den skal nyttast av brannfolk og brukarar. Søkjar meiner det er lite hensiktsmessig at barn får tilgang til manuell brannmeldar.

Det må her først vurderast om hensyna bak bestemmelsen det vert dispensasert frå vert vesentleg tilsidesett. Hensynet bak krav om høgde på betjeningspanel er at dei skal kunne nyttast av alle brukarar, både i sittande og ståande stilling.

Ein manuell brannmeldar er ein viktig del av brannsikringa ved eit publikumsbygg og skal sikre at ein raskt kan varsle heile bygget ved branntilløp. Bygget er universelt utforma og skal ha brukarar som både sit i rullestol og som ikkje gjer det. Vidare er og brukarane i ein barnehage nettopp born. Å plassere kritisk brannsikringsutstyr slik at det er vanskelig å benytte for både born og folk i rullestol vil vesentleg tilsidesette formålet bak bestemmelsen og vil kunne sette liv og helse i fare.

Det er klart at ein dispensasjon vil vesentleg tilsidesette formålet bak bestemmelsen. Særleg då ein dispensasjon kan medføre fare for liv og helse. Det kan difor ikkje gjevast dispensasjon på dette punktet.

### **Kontrast innvendige dører – TEK 10 § 12-15**

Neste forhold det vert søkt dispensasjon for er kontrast på innvendige dører. Kravet i TEK 10 § 12-15, pkt. 3, bokstav a, er som følgjer: «*Dør skal være synlig i forhold til omliggende vegger. Luminanskontrasten skal være på minimum 0,4.*» Bygget har i dag i hovudsak kvite

veggar med kvite dører. Søkjar ønskjer å løyse dette med å nytte farga folie på dørene frå håndtak og ned, i heile døras bredde.

Det må her først vurderast om hensyna bak bestemmelsen det vert dispensasert frå vert vesentleg tilsidesett. Hensynet bak krav om luminanskontrast er at dører skal vera lett å skilje frå omliggjande veggjar. Søkjar har søkt om dispensasjon for å berre etablere luminanskontrast på nederste del av døra. Å etablere luminanskontrast på deler av døra vil tilfredstille kravet til ein viss grad. Hensynet bak bestemmelsen kan difor ikkje seiast å vere vesentleg tilsidesett.

Det må så vurderast om fordelane med å gje dispensasjon vil vere klart større enn ulempene.

Søkjar ønskjer å berre etablere luminanskontrast på deler av dørene. Det er tenkt å nytte folie med kraftig lim. Søkjar har ikkje peikt på fordelar med denne løysinga, det framstår difor at største fordelan er redusert kostnad.

Når det gjeld eventuelle ulemper er det klart at dersom berre nederste del av døra vert lagt folie på så vil ein svaksynt person i normalhøyde kunne ha vanskar med å oppdage luminanskontrasten. Det at berre nederste del av døra har luminanskontrast gjer og at døra kan framstå som noko anna enn ei dør for ein person med redusert syn. Vidare vil og det å akseptere ei slik løysing kunne skape negative presedensverknader då ein legg til rette for ei ny preakseptert løysing.

Konklusjonen vert difor at fordelane ikkje er klart større enn ulempene og at det ikkje vert gjeve dispensasjon for å etablere luminanskontrast på halve døra.

### **Dusj sone – TEK 10 § 12-9**

Vidare må det vurderast om det kan gjevast dispensasjon for størrelse på dusjsone. Kravet i TEK 10 § 12-9, pkt. 2, bokstav d, er som følgjer: «*Dusjsone skal være trinnfri og minimum 1,6 m x 1,3 m. Dusjhode skal være høyderegulerbart og dusjsone skal ha veggmontert utstyr.*» Søkjar peiker på at sjølv om dusjsona ikkje tilfredstiller kravet så er det likevel mogleg å nytte den med rullestol då den er trinnfri og har plass nok til rullestol. Vidare vert det peikt på at det ikkje er krav om dusj i bygget og at bygget difor ikkje er prosjektert for dette. Dusj kom inn i prosjektet på ett seinare tidspunkt og areal og planløyising var då diverre ikkje mogleg å endre. Søkjar viser og til kommentar frå arbeidstilsynet, som ikkje har innvendingar til at dusj blir beholdt som i dag.

Det må her først vurderast om hensyna bak bestemmelsen det vert dispensasert frå vert vesentleg tilsidesett. Hensynet bak bestemmelsen er å sikre at bevegelsehemma i rullestol skal kunne nytte dusj. Presiseringa frå arbeidstilsynet om at det ikkje er krav om dusj i bygget må her vektleggast. Arbeidstilsynet ser vidare positivt på at dusj er etablert til dømes for

ansatte som ønsker å sykle på jobb.

Grunna den bruk som er påreknelig for dusj til ansatte i ein barnehage er det klart at omsyna bak bestemmelsen ikkje vert vesentleg tilsidesett.

Når det så gjeld vurderinga av om fordelane med å gje dispensasjon er klart større enn ulempene må det peikast på fleire ting. For det første er det presisert at det ikkje er krav om dusj i bygget og at bygget ikkje er prosjektert for dette. Dusj kom inn som eit ønske frå byggherre i løpet av prosjektet. Dersom det ikkje vert gjeve dispensasjon må dusj fjernast. Dette taler for å gje dispensasjon. Vidare har arbeidstilsynet uttalt seg som positiv til at det er dusj i bygget sjølv om det ikkje er krav om det. Dette taler og for å gje dispensasjon. Når det så gjeld eventuelle presedensverknader så må det vektleggast at det her er tale om eit bygg utan krav til dusj. Det er difor begrensa kva presedens ein dispensasjon vil medføre.

Etter ei samla vurdering er det difor klart at fordelane med å gje dispensasjon er større enn ulempene og at det vert gjeve dispensasjon frå krav om størrele på dusjsone.

### **Innvendige trapper – TEK 10 § 12-16**

Til sist er det søkt om dispensasjon vedrøyrande utforming av innvendige trapper. Kravet i TEK 10 § 12-16, pkt. 2, bokstav b, er som følgjer: *«Håndlist skal være i to høyder på begge sider med overkant henholdsvis 0,9 m og 0,7 m over inntrinnets forkant. Håndlist skal føres utover øverste og nederste trinn med avrundet avslutning. Håndlist skal følge trappeløpet, også rundt repos.»*

Videre følgjer det og ytterligare krav i § 12-16 som skal oppfyllest, mellom anna § 12-16, pkt. 3, bokstav b: *«Håndlist skal ha et tilnærmet rundt tverrsnitt med luminanskontrast 0,8 i forhold til bakgrunnsfarge. Ved begynnelse av hver etasje skal etasjeangivelse markeres. Håndlist skal føres 0,3 m utover øverste og nederste trinn med avrundet avslutning.»* Søkjar har når det gjeld hovudtrappa lagt vekt på at det vil vere ufordelaktig om håndleder fortsett forbi trapp og ut i gangsoner. Det blir skisert ei løysing der håndleder får ein vinkel slik at borna ikkje snublar i trinn som stikker ut i gangsoner. Når det gjeld intertrapp meiner søkjar det vil vere ufordelaktig om trapp skal ha håndleder som fortsett etter trappa då denne vil komme inn i gangsoner også her. Vidare skriv søkjar at det skal monterast taktilt felt på rapo for å erstatte håndleder.

Det må her først vurderast om hensyna bak bestemmelsen det vert dispensasert frå vert vesentleg tilsidesett. Hensynet bak bestemmelsen er å sikre at ferdsel i trapp er sikker og trygg både for born og vaksne. Når det gjeld kravet om at håndlist skal førast 0,3 meter utover øverste og nederste trinn så er dette for å sikre trygg start og avslutning på bevegelse i trapp. Fallskader i trapp er eit utbreidd problem og en undersøkelse utført av Ipsos MMI på vegne av Blindeforbundet anslår at det daglig er over 3000 uhell i trapp på landsbasis.

Når det gjeld dei aktuelle trappene som her er omsøkt så er dette trapper som skal brukast av både born og vaksne. Vidare er og bygget eit publikumsbygg og vert brukt av alle i samfunnet. Slik trappene er utforma er ein allereie tatt steget inn i trappa før ein når håndlist. Formålet med bestemmelsen er at trappa skal vere sikker og trygg, dersom det vert gjeve dispensasjon vil difor formålet med bestemmelsen verte vesentleg tilsidesatt då trappene slik dei er utforma legg til rette for farlege situasjonar.

Etter ei samla vurdering kan det difor ikkje gjevast dispensasjon då formålet bak både bestemmelsen det er søkt dispensasjon frå samt lovens formålsbestemmelse vert vesentleg tilsidesatt. Dette då trappene utgjør ein rissiko slik dei no er utforma.

## **Konklusjon**

Etter ei vurdering av forholda over er konklusjonen som følgjer:

Åpningsmotstand dører - TEK 10 § 12-15

Det vert gjeve dispensasjon på følgjande vilkår:

- Dør som er beregnet for manuell åpning skal kunne åpnes med åpningskraft på maksimum 30 N. Kravet gjelder for dører til og i hovedatkomst og hovedrømningsvei.

Plassering stikkontaktar – TEK 10 § 12-21

Det vert gjeve dispensasjon som omsøkt.

Plassering branmeldarar – TEK 10 § 12-21

Det vert ikkje gjeve dispensasjon som omsøkt.

Kontrast innvendige dører – TEK 10 § 12-15

Det vert ikkje gjeve dispensasjon som omsøkt.

Dusj sone – TEK 10 § 12-9

Det vert gjeve dispensasjon som omsøkt.

Innvendige trapper – TEK 10 § 12-16

Det vert ikkje gjeve dispensasjon som omsøkt.



Austrheim kommune  
Sætre marka 2  
5943 Austrheim

SIVILARKITEKT MNAL

Astrid  
Fluge Nilsen

**EN TIL EN**  
FLUGE OG FEGINN  
ARKITEKTER AS

## SØKNAD OM DISPENSASJONER FOR KYSTBARNEHAGE I AUSTRHEIM KOMMUNE

Bergen 29.04.2014

I henhold til § 19-2 i plan- og bygningsloven, trådt i kraft 01.07.09. kan kommunen gi varig eller midlertidig dispensasjon fra bestemmelser fastsatt i eller i medhold av plan og bygningsloven. Ved vurdering av om dispensasjon skal gis, må det vurderes om hensynene bak bestemmelsen det er aktuelt å dispensere fra eller hensynene i lovens formålsbestemmelser blir vesentlig tilsidesatt. I tillegg må fordelene ved å gi dispensasjon være klart større enn ulempene etter en samlet vurdering. Det skal legges særlig vekt på konsekvenser for helse, miljø, sikkerhet og tilgjengelighet.

### ÅPNINGSMOTSTAND DØRER (20 N)

Det søkes herved om dispensasjon fra TEK 10 §12-15 Dør, port mv.

*b) « Dør som er beregnet for manuell åpning skal kunne åpnes med åpningskraft på maksimum 20 N. »*

Brann & Sikkerhetsforum har justert ned åpningsmotstand på dører. De påpeker at ved endring av ventilasjon vil åpningsmotstanden endre seg, og mener at for framtiden bør byggherre justere åpningsmotstand selv for å unngå unødvendige kostnader. Det er ikke mulig å oppnå 20 N som er kravet, fordi dette ifølge Brann & Sikkerhetsforum er nærmest umulig å oppnå i alle nye byggverk med dette kravet.

ADRESSE

Øvre Korskirkesmug  
2B, 5018 Bergen

TELEFON

(+47) 55 30 48 80

MOBIL

(+47) 93 41 79 78

E-POST

astrid@flugeogfeginn.no

INTERNETT

www.flugeogfeginn.no

SIVILARKITEKT MNAL  
PARTNER

Astrid  
Fluge Nilsen

EN TIL EN

### STIKK KONTAKTER

Det søkes herved om dispensasjon fra TEK 10 § 12-21 Skilt, styrings- og betjeningspanel, håndtak, armaturer mv.

- a) « *Betjeningspanel skal være plassert med betjeningshøyde mellom 0,8 m og 1,1 m over ferdig gulv. Stikkontakter skal monteres minimum 0,5 m fra hjørne.*»

Kontaktpunkter er etter dialog med byggherre fordelt rundt i barnehagen slik at de enkelte steder er nærmere hjørne enn 0,5 m.

Vi mener at det er så mange stikkontakter i barnehagen at kravet til universell utforming likevel bør være ivarettatt.

### BRANNMELDERE

Det søkes herved om dispensasjon fra TEK 10 § 12-21 Skilt, styrings- og betjeningspanel, håndtak, armaturer mv.

- b) « *Betjeningspanel skal være plassert med betjeningshøyde mellom 0,8 m og 1,1 m over ferdig gulv. Stikkontakter skal monteres minimum 0,5 m fra hjørne.*»

Betjeningspanel for brannvarsling er plassert 1,4 meter over gulv. Betjeningspanel skal stå i høyde for å betjenes av brannfolk og bruker. Det er lite hensiktsmessig å sette det så lavt at barn får tilgang til betjeningspanel for brannvarsling.

### KONTRAST PÅ INNVENDIGE DØRER

Det søkes herved om dispensasjon fra TEK 10 §12-15 Dør, port mv.

- a) « *Dør skal være synlig i forhold til omkringliggende vegger. Luminanskontrasten skal være på minimum 0,4. Tilsvarende gjelder også for heis og løfteplattform.* »

Det vil bli montert folie i farge på innvendige dører. Reklamehuset a/s på Knarvik har folie som passer til dette formålet med ekstra kraftig lim. Folien monteres i hele

dørens bredde fra høyde under håndtak og ned til ende av dørblad. Alle innvendige dører får samme farge på folien, noe som gjør det lettere for svaksynte å orientere seg i bygget.

SIVILARKITEKT MNAL  
PARTNER

---

Astrid  
Fluge Nilsen

#### DUSJ SONE

Det søkes herved om dispensasjon fra TEK 10 § 12-9 Bad og toalett.

EN TIL EN

*2d) « Dusj sone skal være trinnfri og minimum 1,6 x 1,3 m. Dusjhode skal være høyderegulerbart og dusj sone skal ha vegg montert utstyr. »*

På bad i 1. etg. ved siden av personalgarderobe er det rullestolsirkel på 1,5 m foran toalett og god plass til å rygge inn i dusj sone. Dusj sonen har derimot ikke rullestolsirkel da dusj på bad kom inn i prosjektet på ett senere tidspunkt, etter ønske fra byggherre. Arealet og planløsningen var på dette tidspunkt bestemt.

#### KOMMENTAR FRA ARBEIDSTILSYNET VEDR. DUSJ SONE:

Arbeidstilsynet har ikke krav til dusj for ansatte i barnehage. Det er krav til dusj på arbeidsplasser som verksteder eller arbeidsplasser der en bruker kjemikalier.

Når det installeres dusj på arbeidsplassen skal denne installeres i eget rom knyttet til garderoben (med livsløpstandard). Arbeidstilsynet ved Kleppe vil ikke ha innvendinger til at tiltakshaver beholder dusj som er installert i 2 bad for de ansatte i barnehagen. Arbeidstilsynet ser på dette som ubetydelig endring av planer de har godkjent og vil derfor ikke ha innvendinger til ønske om å beholde dusj på bad.

#### INNVENDIGE TRAPPER

Det søkes herved om dispensasjon fra TEK 10 § 12 – 16 Trapp.

*2a) « Håndlist skal være i to høyder på begge sider med overkant henholdsvis 0,9 m og 0,7 m over inntrinnets forkant. Håndlist skal føres utover øverste og nederste trinn med avrundet avslutning. Håndlist skal følge trappeløpet, også rundt repos.»*

### HOVEDTRAPP HALL

Det vil være ufordelaktig at håndleder fortsetter forbi trapp og ut i gangsone, fordi i denne passasjen er det både trafikk opp trappen og inn til toaletter og garderobe for ansatte. Håndledere vil ikke få en avrundet avslutning, men en avslutning i vinkel som føres ned til nederste trinn, slik at barna ikke snubler i trinnet som går forbi vegg (se vedlagt bilde).

### INTERNTRAPP MELLOM BASENE

Port i 1. etasje er fjernet, og vil ikke settes på igjen (dette etter samtale med Britt Ystebø, daglig leder i barnehagen). Det vil være ufordelaktig om håndleder fortsetter forbi trapp og ut i gangsone, der den vil være i veien for barn som går mellom basene i begge etasjene. Håndleder vil derfor ikke få en avrundet avslutning (i begge etasjene), men en avslutning som eksisterende situasjon med vertikale stolper som avslutning (se vedlagt bilde). I 2. etasje beholdes porten foran trappen.

På rapo er det ikke montert håndleder foran vindu, og taktile felt skal monteres på belegget på rapo for å erstatte håndleder.

Sett i lys av overnevnte punkter, kan vi ikke se at det vil få negative konsekvenser for helse, miljø, sikkerhet og tilgjengelighet, at man gir dispensasjon i disse tilfellene.

SIVILARKITEKT MNAL  
PARTNER

---

Astrid  
Fluge Nilsen

EN TIL EN



MANUELL ÅPNING

SIVILARKITEKT MNAL  
PARTNER

---

Astrid  
Fluge Nilsen

EN TIL EN



STIKK KONTAKTER



SIVILARKITEKT MNAL  
PARTNER

---

Astrid  
Fluge Nilsen

EN TIL EN

BRANNMELDERE



KONTRAST DØRER

SIVILARKITEKT MNAL  
PARTNER

---

Astrid  
Fluge Nilsen

EN TIL EN



FORSLAG TIL  
FOLIE PÅ DØRER



DUSJ SONE

SIVILARKITEKT MNAL  
PARTNER

---

Astrid  
Fluge Nilsen

EN TIL EN



HOVEDTRAPP 1. ETG.



HOVEDTRAPP 1. ETG.





HOVEDTRAPP  
1. ETG.

SIVILARKITEKT MNAL  
PARTNER

---

Astrid  
Fluge Nilsen

EN TIL EN



HOVEDTRAPP 2. ETG.



INTERNTRAPP BASE  
3,4,5 OG 6

SIVILARKITEKT MNAL  
PARTNER

---

Astrid  
Fluge Nilsen

EN TIL EN



RAPO  
INTERNTRAPP



INTERNTRAPP 2. ETG.

SIVILARKITEKT MNAL  
PARTNER

---

Astrid  
Fluge Nilsen

EN TIL EN

Vennlig hilsen

A handwritten signature in blue ink that reads "Astrid Fluge Nilsen". The signature is fluid and cursive.

Astrid Fluge Nilsen

Kopi: Oddmund Vikene, Austrheim kommune  
Trygge Barnehager v/Calle Rosengren

---

**Fra:** Gabrielsen, Wenche <Wenche.Gabrielsen@arbeidstilsynet.no>  
**Sendt:** 20. mai 2014 13:22  
**Til:** Thomas Lindås  
**Emne:** Austrheim kystbarnehage

Hei

Viser til dispensasjon som skal behandles politisk i Austrheim kommune angående Austrheim kystbarnehage. Saken ble oversendt Arbeidstilsynet for eventuell uttale. Det ble gitt samtykke for barnehagen i 2011.

Henviser til arbeidsmiljøloven § 3-4 når det gjelder dusj i virksomheter :

- Arbeidsgiver skal i tilknytning til det systematiske helse-, miljø- og sikkerhetsarbeidet, vurdere tiltak for å fremme fysisk aktivitet blant arbeidstakerne.

Ellers har jeg ingen bemerkninger

Med vennlig hilsen

**Wenche Gabrielsen**  
Seniorinspektør  
Arbeidstilsynet Vestlandet

Mob: 450 10 023  
Tlf.: 815 48 222  
Internett: [www.arbeidstilsynet.no](http://www.arbeidstilsynet.no)

Besøksadresse:  
Lagårdsvn. 44  
4010 Stavanger

Postadresse:  
Postboks 4720 Sluppen  
7468 Trondheim

---

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
140/14	Formannskapet	PS	24.06.2014

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Asbjørn Nagell Toft	FA - L12, HistSak - 10/1265	14/685

### **Detaljreguleringsplan for Næringsområde N05 Leirvågkrysset, arealplanid. 2005006 - 2. gongs offentlig ettersyn**

#### **Vedlegg:**

ROS-analyse - Næringsområde N05, Leirvågskrysset - vurdering

Risiko- og sårbarhetsanalyse næringsområde N05-Leirvågskrysset

Sjekkliste ROS analyse næringsområde N05 Leirvågskrysset

Plankart 14.01.13

Uttale til offentlig ettersyn- Leirvågskrysset detaljreguleringsplan - 12.06.12 - frå Fylkesmannen i Hordaland

Statens vegvesen - uttale til plan til offentlig ettersyn- Leirvågskrysset detaljreguleringsplan 04.06.12

Fylkesmannen i Hordaland - Uttale til reguleringsplan for næringsområdet N05 - Leirvågskrysset 21.06.14

Referat frå møte mellom Austrheim kommune og Statens vegvesen om planar under arbeid 23.11.12

Statens Vegvesen - Endra uttale, næringsområdet N05 Leirvågskrysset 12.12.2012

Framlegg til reguleringsplan sakshandsaming etter offentlig høyring - 04.01.13- Frå Vidar Mjøs

Brev til Vidar Mjøs - 10.01.13 Framlegg til reguleringsplan Leirvågskrysset næringsområde, N05 - sakshandsaming etter off. høyring

Vedlegg I til brev til Vidar Mjøs 10.01.13

Vedlegg II til brev til Vidar Mjøs 10.01.13

Svar på dokumentunderlag for vidare handsaming av detaljplan Leirvågskrysset næringsområde N05 - 04.02.13

Referat frå møte om Næringsområde N05 - Leirvågskrysset 19.11.2013

Kart - vedlegg til framlegg til reg.plan 04.01.13

Næringsområde N05 Leirvågskrysset - føresegner til detaljregulering

#### **Framlegg til vedtak:**

Austrheim kommune vedtek i medhald av pbl §12 – 10 at detaljregulering for Næringsområde N05 Leirvågskrysset med planid. 2005006 vert lagt ut til andre gongs offentlig ettersyn.

Plankartet er datert den 22.11.2013 og føresegnene er datert den 16.06.2014.

Grunngjevinga for vedtaket står i saksutgreiinga.

### **Saksopplysninger:**

Detaljregulering for Næringsområde N05 Leirvågskrysset med arelplanid. 2005006, vist i kommunedelplan for Leirvåg, Litlås, Kaland og Fønnes som N05 skal no opp til andre gongs offentleg ettersyn. Planområdet er i samsvar med kommunedelplan for Leirvåg, Litlås, Kaland og Fønnes og er avsett til industri. Den 16. august 2005 vart det kunngjort at det vart starta reguleringsarbeid for "Leirvågskrysset næringsområde". I 2012 i sak 167/10 vedtok Austrheim kommune å leggja ut detaljreguleringa til offentleg ettersyn. Siste plandokument som var naudsynt for å kunne handsama dene detaljreguleringssaka vart levert Austrheim kommune den 10. juni 2014. Alle plandokument skal leverast etter reglane i FOR 2009-06-26 nr 861 "Kart og Planforskrifta" og Nasjonal produktspesifikasjon for arealplan. Planomtalen er datert 26.04.2012. Plankartet er no datert 22.11.2013 og føresegnene er datert 16.06.2014.

Tiltakshavar Odd Haugen v/planleggar Vidar Mjøs og ADU Ingeniør Atle D Utkilen har no justert plandokumenta etter krava i ny Plan og Bygningslov, merknadar frå høyringsrunden og etter føresegner i vedteken kommunedelplan godkjent den 30/6-2010.

ROS-analysen av ADU Ingeniør Atle D Utkilen er utarbeidet på oppdrag fra Odd Haugen i samband med reguleringsplan for Næringsområde N05-Leirvågskrysset. ROS-analysen konkluderer med at tiltak i planområdet som vert utført i samsvar med føresegn i reguleringsplanen vil ikkje representera noko spesiell fare som overstig det som fell inn under akseptkriteriar. Næringsområdet har nærleik til Statoil Mongstad med risiko for storulykke. Basert på vurderingar frå Statoil og ROS-analyse til Austrheim kommune ligg næringsområdet utanfor areal med begrensning byggjeaktivitet og bruk. Det står i føresegner til kommunedelplanen for området godkjent den 30.06. 2010 at:

*«Næringsområda innafor storulukkegrensa kan ikkje nyttast til etableringar med hovudformål å tiltrekke seg mest mogeleg alment publikum. Industriområde N05 kan nyttast til industri som har lågt farepotensiale og låg miljøbelastning i form av ureining og støy.»*

Dette styrer korleis området skal regulerast på ein klar og tydleg måte. Planområdet har vorte planert gjennom mange år og er no nærmast klar til utbygging og ferdigstilling. Det som manglar i området no er ein ferdig godkjent reguleringsplan med naudsynt infrastruktur til.

Beredskaspkordinator i Austrheim har i notat den 16.06. 2014 konkludert med at: *Gjennomgangen viser at ROS-analyse for Detaljregulering for næringsfelt N05 ved Leirvågskrysset PlanID: 1264-2005006, utført av ADU Ingeniør Atle D. Utkilen, 10.06.2014, ikkje gir ei tilfredsstillande vurdering av forhold knytt til risiko. Dette gjeld spesielt for verknader som verksemdar i planområdet vil kunne få for omgjevnadane.* Dette temaet er vurdert seinare i saksutgreiinga.

Den 11.04. 2012 i sak 167/10 vedtok formannskapet i Austrheim kommune å leggja ut detaljreguleringa til offentleg ettersyn. Høyringsfrist vart sett til 21.06. 2012. Det kom merknadar frå ulike offentlege instansar i saka. Desse var frå:

**Statens vegvesen, region Vest**, datert 04.06. 2012 og endra uttale den 12.12. 2012. Statens vegvesen skriv i deira uttale den 04.06.2012 at dei legg vekt på å få eit godt tilbod for mjuke trafikkantar mot Mongstadkrysset og sentrum på Kaland. Dei stiller krav etter dagens standard. Dei aksepterer byggjegrensa på 30 meter, men vil ha teikna inn ei trekanta byggjegrensa på 60 meter inn på kartet

mot Leirvågkrysset. Dei ynskjer ein gang- og sykkelveg på 3 meter i tråd med Vegnormal 017. Dette må inn som rekkjefølgjekrav i føresegnene. Frisikta mot Fv. 57 skal ha ei siktzone på 6 x 129 meter og må inn på plankartet. Mellombels bruksløyve for bygningar i planområdet må ikkje gjevast før dette er på plass. Dersom dette dei tek opp ikkje vert innarbeidd i føresegner til planen vert dette rekna som motsegn til detaljreguleringa her. Planfri kryssing vart teke opp her.

I sin endra uttale den 12.12. 2012 skriv Statens vegvesen at dei krev at det vert regulert gang- og sykkelveg langs begge fylkesvegstrekingane i planområdet. Dette gjeld Fv. 57 ned mot Leirvåg og Fv. 565 mot Kaland. Etablering av gang- og sykkelveg skal vera eit rekkjefølgjekrav.

Statens Vegvesen har vurdert Leirvågkrysset som følgje av den auka trafikkmengda næringsområdet vil føra med seg. Dei konkluderer med at rundkøyring må etablerast her av omsyn til trafikktryggleik og trafikkavvikling. Dette må inn i reguleringsplanen og svingradiusen skal vera på minimum 35 meter og i samsvar med kapittel 4,2 i handbok 263. Etablering av rundkøyring må verta eit rekkjefølgjekrav. Mellombels bruksløyve for bygningar i planområdet må ikkje gjevast før denne er på plass. Statens Vegvesen går vekk frå kravet sitt om planfri kryssing for mjuke trafikantar som dei tok opp i merknadsskrivet datert 04.06. 2012. Dei skriv at plangrensa kan gå om lag mellom Ekornsåta og friområdet i kommunedelplanen her. Vegvesenet tek opp at det må lagast ein byggeteknisk plan for tiltaka knytt til fylkesvegane og at planen skal godkjennast av vegvesenet før arbeidet kan starta opp her. Vegvesenet har motsegn til punkta som gjeld gang- og sykkelveg, kryss og rekkjefølgjekrav.

#### **Planleggjar si kommentar til merknaden:**

Innlevert og oppdatert plankart fatert 22.11.2013 viser at tiltakshavar/planleggjar har teke merknaden til Statens vegvesen til følgje. Føresegnene har dei ikkje endra, då dei meiner at det ikkje er deira arbeid i denne plansaka. I e-post den 22.11.2013 skriv planleggjar Vidar Mjøs til Austrheim kommune at: *«Kommunen kan, som planstyresmakt, ikkje krevja at forslagsstillar sjølv fremjar rekkjefølgjevilkår som kan hefta negativt ved prosjektet og svekkja klageretten.»*

**Austrheim kommune sin vurdering av merknaden:** Austrheim kommune er nøgd med at tiltakshavar har teke merknaden til vegvesenet til etterretning når det gjeld plankartet og endra på dette i samsvar med merknaden frå dei. Me ser at av omsyn til trafikkavvikling og trafiktryggleik er det naudsynt å gjera viktige grep/tiltak i dette planområdet. Austrheim kommune synes det er fornuftig å ta ut planfri overgang frå dette planområdet då dette høyrer meir naturleg til andre planområde nærmare Kaland/Fonnes. Austrheim kommune har endra føresegnene i tråd med Statens vegvesen sine merknadar, men og teke inn føresegner som me meiner er fornuftige dette planområdet. Austrheim kommune har såleis teke merknadane frå Statens vegvesen til følgje på alle punkt det var knytt motsegn til.

**Fylkesmannen i Hordaland**, datert 12.06. 2012 og 21.06.2012. Fylkesmannen skriv at dagens masseuttak og utviding her er gjort lite greie for i planomtalen. Han skriv at det bør lagast ein driftsplan for uttaket. Fylkesmannen skriv at det er ynskjeleg at det i samband med drifta vert sett av midlar til opprydding av sår i landskapet. Til slutt i den første uttalen skriv Fylkesmannen at det bør presiserast kva type verksemder ein ynskjer i planområdet, dette mellom anna på grunn av «storulykkegrensa» omkring Mongstad gjev føringar for arealbruken her. Fylkesmannen ber om at deira merknadar vert innarbeid i planen.

**Fylkesmannen i Hordaland** gav så ein ny uttale i saka datert den 21.06.2012 der omsynet til samfunnstryggleik og beredskap vart omtala. Fylkesmannen kunne ikkje sjå at risikoanalysen som er

lagt ved planen tilfredsstillende krava som er stilt til risikoanalyse.

-Akseptkriteria er ikkje definert i planen, jf TEK-10

-Planen manglar sjølvstendig risikoanalyse

Fylkesmannen fremja motsegn til reguleringsplanen, grunna i punkta over.

#### **Planleggjar si kommentar til merknaden:**

ROS-analysen av ADU Ingeniør Atle D Utkilen viser at tiltakshavar har teke merknaden til Fylkesmannen til følgje. Han skriv at «*Basert på at steinuttak tilnærma er ferdig utført, omhandlar vår ROS-analyse ikkje konsekvensar knytt til sjølve steinuttaket. Derimot har vi med vurdering knytt til å avslutta steinuttaket og etablering av industri/næring. I denne analysen har vi nytte akseptkriterium som vert nytta av Austrheim kommune ved revisjon av kommunen sin ROS-analyse vedteke i sak 059/13. Sjekklista som er lagt ved er utarbeid i samsvar med retningslinjer frå Direktoratet for Samfunnssikkerhet og Beredskap.*» ADU Ingeniør Atle D Utkilen skriv at ROS-analysen konkluderer med at tiltak i planområdet som vert utført i samsvar med føresegn i reguleringsplanen ikkje vil representera noko spesiell fare som overstig det som fell inn under akseptkriteriar.

**Austrheim kommune sin vurdering av merknaden:** Austrheim kommune er nøgd med at tiltakshavar har teke merknaden til Fylkesmannen i Hordaland til etterretning. Me set og pris på at ADU Ingeniør Atle D Utkilen som har gjort denne ROS-analysen har teke kontakt med Statoil Mongstad om vurdering knytt til risiko i ytre risikosone der næringsområde NO5 er. Det er positivt at ROS-analysen konkluderer med at tiltak i planområdet ikkje vil representera noko spesiell fare som overstig det som fell inn under våre akseptkriteriar. Austrheim kommune meiner at risikoanalysen som er lagt ved planen tilfredsstillende krava som er stilt til risikoanalyse. Merknaden til Fylkesmannen er teke til følgje.

#### **Vurdering:**

Rådmannen vil peika på at dette planarbeidet har teke si tid av ulike årsaker, men det er viktig å få fram i denne saka at i alle reguleringsplansaker må plandokument leverast i tråd med krav frå offentlege instansar og plan- og bygningslova. Rådmannen vil peika på at administrasjonen ved mange høve har bedd om å få inn plandokument inn etter reglane i FOR 2009-06-26 nr 861 "Kart og Planforskrifta" og Nasjonal produktspesifikasjon for arealplan. Rådmannen synes elles no at forslag til detaljregulering med plankart datert 22.11.2013, oppdaterte føresegner datert 16.06.2014 og ROS-analyse datert 10.06.2014 har løyst planmessige utfordringar i planområdet slik at planen no kan handsamast.

Rådmannen vil peike på at for å få detaljreguleringa godkjent etter høyringa så er det viktig at føresegnene har med at det ikkje kan gjevast mellombels bruksløyve/ferdigattest for bygningar i planområdet før gang-og sykkelvegen og rundkøyringa er bygd som vist på plankartet. Det skal og utarbeidast ein byggeteknisk plan for tiltaka i tilknytning til fylkesvegane. Den byggetekniske planen skal godkjennast av Statens Vegvesen før arbeidet i marka vert sett i gang. Finansieringa av denne infrastrukturen må Austrheim kommune, utbyggjar og Statens vegvesen forhandla om og eventuelt ta inn i ei utbyggingsavtale.

Rådmannen vil og peika på at det er viktig å få på plass ein VA-rammeplan for vassforsyning, overvatn



og spillvatn, og uttak for brannslukking. Denne må vera godkjent før det kan gjerast tiltak i bygg- og anleggsområda her. Rådmannen meiner at det er viktig at alle utslepp, overflatevatn og avrenning frå industriområdet skal handterast slik at det ikkje kan koma ned i nedslagsfeltet mot Leirvågsanden. Dette må gjerast før det vert gjeve mellombels bruksløyve/ferdigattest til bygningar i planområdet. Leirvågsanden er klassifisert som eit svært viktig naturtypeområde (A-område) i Austrheim kommune sin naturtypekartlegging frå 2003. Rådmannen vil difor peike på at dette er eit naturleg rekkjefølgjekrav i denne saka for å unngå å skade på dette naturområdet som det står i rapporten om at: «*Det flate terrenget utgjør grunnlaget til at det er blitt dannet et marsklandskap i en utstrekning som det kanskje ikke finnes maken til andre steder i fylket.*»

Rådmannen synes elles at deler av ROS-analysen tek for lett på analysearbeidet i dette planområdet og deler bredskapskoordinator sine synspunkt som er kome inn som eige notat til saka. Det står mellom anna i ROS-analysen at : «*Det foregår mykje transport av farleg gods på vegane også forbi N05 og då særleg på vegen ned til Leirvåg fergekai. Problemstillinga er belyst og vurdert i Austrheim kommune sin ROS analyse. Vi finn ikkje behov for å utreda dette ytterlegare. Vi viser her til Austrheim kommune sin ROS-analyse.*» Rådmannen vil peike på at planen skal ha ein sjølvstendig risikoanalyse, dette gjeld også på dette temaet og i dette planområdet. Dette er kommentert i notat (vedlagt saka) frå beredskapskordinator.

Rådmannen synes og at det vert for lette vurderingar når det står i ROS-analysen at: «*I vår totalvurderinga er det vektlagt at både Statoil Mongstad og Austrheim kommune har funne det forsvarleg å etablere brakkerigg og administrasjonsbygg nærmare oljeraffineriet enn kva næringsområdet N05 ligg.*» Rådmannen vil peike på at denne detaljreguleringa skal ha ein sjølvstendig risikoanalyse, det gjeld uansett kva andre har gjort av tiltak eller vurdert tidlegare i nærområdet. Rådmannen vil og peika på at på grunn av det som er av bygg og aktivitet omkring industriområdet NO5 så må ein ta omsyn til det i dette planarbeidet, når det gjeld kva ein kan tillata eller ikkje i dette regulerte området. Dette gjeld «begge vegar». Både skule og barnehage på Kaland og brakkeriggane på Mongstad er på det nærmaste under 100 meter frå dette planområdet som kan regulerast til industri.

Rådmannen meiner at sjølv om ROS-analysen som er lagt ved planen såleis ikkje tilfredsstillar heilt krava som er stilt til ein sjølvstendig risikoanalyse så vil føresegnene til planen no styra på ein tydeleg og klar måte kva som kan gjerast av tiltak her, dette med eit «*føre var prinsipp*» lagt til grunn i føresegnene. Eventuelle uheldige kosekvensar kan takast med avbøtande tiltak i forkant av utbygginga her og som klare rekkjefølgjekrav. Rådmannen vil peika på at med dei føresegner til detaljreguleringa som her føreligg vil samfunnstryggleik og beredskap verta ivaretatt på ein god måte i dette planområdet. Rådmannen vil og peike på storulykkeforskrifta omkring Mongstad er teke med i føresegna her med at «*Aktivitet og tiltak innanfor sona skal ikkje vere i strid med vilkår som er sett i medhald av forskrifta.*»

Rådmannen synes at forslag til detaljreguleringa med plankart, oppdaterte føresegner og ROS-analyse har løyst planmessige utfordringar i planområdet. Rådmannen rår til at detaljreguleringa for Næringsområde N05 Leirvågskrysset vert lagt ut til andre gongs offentleg ettersyn slik den no ligg føre.

### **Konklusjon:**

Austrheim kommune vedtek at detaljregulering for Næringsområde N05 Leirvågskrysset planid. 12642005006 vert lagt ut til andre gongs offentleg ettersyn.

**Austrheim kommune**

**Gnr. 128 Leirvåg, bnr. 8 m. fl.**

**Detaljreguleringsplan for Næringsområde N05 Leirvågkrysset**

(Plan ID 12642005006)

## **Reguleringsføresegner**

framlegg 11. april 2006

**Sist revidert 16. juni 2014**

### **§ 1 GENERELT**

Føremålet med reguleringsplanen er å legge til rette for næringsbygningar og opparbeida og utbetra naudsynt infrastruktur i planområdet.

- 1.1 Planområdet er avgrensa med stipla line på plankart datert 11. april 2006, sist revidert 22. november 2013.
- 1.2 Areala i planområdet er regulert til desse føremåla :
  - bygg og anlegg
    - industri
    - tekniske anlegg
  - samferdsel og infrastruktur
    - kjøreveg
    - gang- og sykkelveg, fortau
    - anna vegareal
  - grøne strukturar
    - naturområde
    - vegetasjonsskjerm
- 1.3 Dersom det i samband med gravearbeid kjem fram funn eller konstruksjonar, må arbeidet straks stansast og fylkeskonservatoren få melding for ei nærare gransking på staden, jfr. Kulturminnelova §8, 2. ledd.
- 1.4 Området skal knytast til offentlege anlegg for vassforsyning og avløp. Det skal utarbeidast utbyggingsavtale med Austrheim kommune som avklarar rettar, plikter og rekkjefølgje i denne samanheng.
- 1.5 For alle tiltak i planområdet skal ein vurdere bruk av alternative energiformer samt utnytting av overskotsenergi frå Mongstad. Alle bygningar over 500 kvadratmeter BYA skal ha vassboren varme til oppvarming av bygget og tilrettelagt for fjernvarme. Nye bygg skal leggje til rette for lågt energiforbruk og for energiforsyning frå miljøvennlege energikjelder.
- 1.6 Bygningane skal ha ein arkitektonisk god utforming mot fylkesveg og nabobygg.
- 1.7 Ubygde områder skal gjevast god form og handsaming. Skjeringar i lausmassar og sprengsteinsfyllingar skal settast i stand med finare massar og verte tilsådd og tilplanta før bruksløyve kan gjevast for bygningar i planområdet.
- 1.8 Veg 1 er privat. Det skal opprettast eit veglag eller annan driftsorganisasjon som skal stå for drift og regulere bruken av vegen. Det skal utarbeidast vedtekter som sikrar

at alle verksemdar og/eller grunneigarar med tilknytning til sambindingsvegen innanfor planområdet får rettigheitar i veglaget / driftsorganisasjonen.

- 1.9 Grense for restriksjonsområde omfattar område som innanfor grenser for storulykker som er sett i medhald av storulykkedeforskrifta. Aktivitet og tiltak innanfor sona skal ikkje vere i strid med vilkår som er sett i medhald av forskrifta.

## **§ 2 FELLES FØRESEGNER**

### **2.1 Bygningane**

- 2.1.1 Bygningane skal plasserast innfor generelle byggjegranser mot naboeigedom gitt i plan- og bygningslova eller spesielle byggjegranser innteikna på plankartet.
- 2.1.2 Ved utforming av industribygg skal det leggast vekt på å bruke fargar og materialar som gir god nær- og fjernverknad for omkringliggende område.

### **2.2 Tilkomst og parkering**

- 2.2.1 Der tilkomst til tomt ikkje er vist på plankartet vert framlegg til plassering vist i byggjemeldinga.
- 2.2.2 Det skal etablerast minimum 1 p-plass pr tilsett innanfor industri-/lagerområde, inklusive gjesteparkering.
- 2.2.3 Det skal etablerast minimum 0,2 p-plassar for sykkel pr tilsett innanfor industri/lagerområde.
- 2.2.4 Parkeringsareal skal elles opparbeidast etter gjeldande parkeringsnormer i kommunen.

### **2.3 Ubebygd areal.**

- 2.3.1 Ingen tomtar kan tilplantast med busker eller tre som kan verka sjenerande for offentleg ferdsel. Dei ubebygde delane av tomtane må gjevast ei tiltalende form og handsaming.
- 2.3.2 Konstruksjonar langs vegane (rekkverk, murar, gjerde og liknande ) skal tilpassast tilsvarende tiltak på naboeigedomar og utformast med auge for den heilskaplege verknaden sett frå fylkesvegen.

## **§ 3 BYGG OG ANLEGG (pbl § 12-5 nr. 1)**

### **3.1 Industri**

- 3.1.1. Områda I1 og I2 skal nyttast til industriverksemd med tilhøyrande anlegg som har lågt farepotensiale og låg miljøbelastning i form av støv, ureining, lukt og støy.
- 3.1.2 Bygningane kan oppførast med mønehøgde på maksimum 12 m over topp golv.
- 3.1.3. Tilleten tomteutnytting BYA, rekna som bebygd areal i prosent av tomteareal inklusive vegetasjonsskjem, er 50% eksklusive parkeringsareal.
- 3.1.4. Det kan ikkje gjevast mellombels bruksløyve/ferdigattest for bygningar i planområdet før gang-og sykkelvegen er bygd som vist på plankartet.
- 3.1.5. Det skal byggjast rundkøyning i Leirvågkrysset som vist på plankartet. Rundkøyninga sin ytre diameter skal minimum vera 35 meter. Det kan ikkje gjevast mellombels bruksløyve/ferdigattest for bygningar i planområdet før rundkøyninga er ferdigbygd og godkjent.

- 3.1.6. Det skal utarbeidast ein byggeteknisk plan for tiltaka i tilknytning til fylkesvegane. Den byggetekniske planen skal godkjennast av Statens Vegvesen før arbeidet i marka vert sett i gang.
- 3.1.7. Næringsareal innafor storulukkesgrensa omkring Mongstadanlegget kan ikkje nyttast til etableringar med hovudføremål å tiltrekke seg mest mogeleg alment publikum. Det kan ikkje etablerast daglegvarebutikkar, butikksenter, overnattingsverksemdar, symjeanlegg (badeland) eller detaljhandel her.
- 3.1.8. Det skal etablerast eit sikkerhetsgjerde omkring industriområdet i tråd med forskrift for mellombels bruksløyve/ferdigattest for bygningar i planområdet.
- 3.1.9. Alle utslepp, overflatevatn og avrenning frå industriområdet skal handterast slik at det ikkje kjem inn i nedslagsfeltet mot Leirvågsanden.
- 3.1.10. Utbyggjar må leggja til rette for vassforsyning, handtering av sanitæravløpsvatn, prosessavløpsvatn og overvatn, samt annan infrastruktur innanfor det området som er planlagt utbygd før tomte kan takast i bruk. Det er tilknytingsplikt til offentleg vassforsyning og avlaup.

#### **§ 4      INFRASTRUKTUR (pbl § 12-5 nr. 2)**

- 4.1      Ved kryss og avkjørslar skal det i området mellom frisisiktlinja og tilstøytande vegar tilstøytande vegar (frisisiktonene) vera fri sikt i 0,5 m høgde.
- 4.2      Gang- og sykkelveg og rundkøyring skal byggjast langs fylkesveg 57 og fylkesveg 565 som vist i plankart og i tråd med krav frå Statens vegvesen.
- 4.3      Avkjørsla frå næringsområdet ut på Fv. 57 skal ha ei siktsone på 10 x 140 meter. Svingradius skal minimum vera på 9 meter. Det må etablerast tilfredsstillande drenering på staden slik at Fv. 57 skal haldast fri for tilsig av fukt heile året.
- 4.4      Det må vere dokumentert sikra tilgang på vassforsyning (drikkevatt, slukkevatn, prosessvatn, etc.) før kvar enkelt bygning og installasjon kan få godkjent rammesøknad.

#### **§ 5.            Rekkjefølgjekrav (pbl § 12-7 nr. 10)**

- 5.1**      Det kan ikkje gjevast mellombels bruksløyve/ferdigattest for bygningar i planområdet før gang-og sykkelvegen og rundkøyringa er bygd som vist på plankartet og formelt godkjent. Det skal utarbeidast ein byggeteknisk plan for tiltaka i tilknytning til fylkesvegane. Den byggetekniske planen skal godkjennast av Statens Vegvesen før arbeidet i marka vert sett i gang.
- 5.2**      VA-rammeplan for vassforsyning, overvatn og spillvatn, og uttak for brannslukking skal vere godkjent før det kan gjerast tiltak i bygg- og anleggsområda. Alle utslepp, overflatevatn og avrenning frå industriområdet skal handterast slik at det ikkje kan koma inn i nedslagsfeltet mot Leirvågsanden. Tiltak må gjerast her før det vert gjeve mellombels bruksløyve/ferdigattest til bygningar i planområdet.

## § 6 GRØNTSTRUKTUR (pbl § 12-5 nr. 3)

- 6.1.1 Vegetasjonsskjermen inngår i tomtearealet. Her kan det byggjast sikkerhetsgjerde. Lagerverksemd og oppføring av bygningar er ikkje tillate innanfor dette arealformålet.
- 6.1.2 Området avsett til grønstruktur skal opparbeidast parkmessig. Grønstrukturen skal bidra til å gi næringsområdet profil og identitet og gjere området meir inviterande. Grønstrukturen langs vegar skal opparbeidast samstundes med oppgradering av vegen, og skal ferdig tilrettelagt framstå som ein heilskap. Grønstrukturen skal og nyttast til grøfter for infrastruktur. Grøft for infrastruktur og avrenning skal ligge nærmast vegen. Voll og trekke skal leggest inn mot næringsområdet.

---

# Notat

---

Saksbehandler: Plan, bygg, oppmåling og miljø/Stein Kåre Løvslett  
Vår referanse: 14/685 - 8 / FA - L12, HistSak - 10/1265  
Dato: 16.06.2014

---

## Emne: ROS-analyse - Næringsområde N05, Leirvågskrysset - vurdering

Her er nokre kommentarar på bakgrunn av gjennomgang av ROS-analysen for industrifelt N05 ved Leirvågskrysset.

I ROS-analysen vert det stadig vist til at KommuneROS for Austrheim kommune har vurdert hendingar og at det dermed ikkje er naudsynt å gjere dette på nytt og at aktørar som skal inn i området må forholde seg til kommunens beredskapsplaner. Her må vi presisere at den overordna ROS-analysen for Austrheim kommune er basert på generelle hendingar som kan inntreffe i kommunen og som er av ein slik storleik at det ordinære hjelpeapparatet ikkje taklar det. KommuneROS vurderer sannsyn og konsekvens på eit generelt grunnlag og kva for risiko dette medfører. I kommunedelplanen for Litlås, Leirvåg, Kalan og Fønnes er vurderingane noko meir konkrete. Vidare er det også vist til at Statoil Mongstad også har gjort ROS-analyse for anlegget på Mongstad og at det dermed ikkje er naudsynt å gjere nokon analyse opp mot dette anlegget.

Den ROS-analysen som skal utførast for det aktuelle området som skal regulerast må ta utgangspunkt i kva for utfordringar som er aktuelle i det konkrete arealet som skal regulerast. I ROS-analysen til kommunedelplanen er det vurdert generelle problemstillinger knytt til industriområdar innanfor planområdet. Her er det også satt krav som må oppfyllest. Vi kan vise til nokre problemstillinger som ikkje er avklart. Mellom anna gjeld dette forhold knytt til ureining mot tilstøytande areal.

- Dette gjeld mellom anna avrenning frå harde overflater. Nedstrøms for reguleringsområdet er det eit særskilt viktig våtmarksområde med raudlisteartar, både naturtype og fugleliv. Konsekvensar og utfordringar knytt til dette er ikkje vurdert.
- Det gjeld og lukt, støv og støy mot nærliggande barnehage og skule, avstanden er fra omlag 70 m til 150 m. Forholdet er ikkje vurdert.

I samband med vurderinga av brannvern er det opplyst at det er god adkomst for brannvernet. Vi må her presisere at det er kun ein veg inn i det regulerte området. Det vert vist til at det er offentlig veg langs to av sidane på det regulerte området og at brannvernet difor har god tilkomst. Her er det å bemerke at mellom det planerte området og offentlig veg er det ei skjering på opp mot 8 – 10 m. Skjeringa er så høg at den må sikrast med gjerde. Tilkomst langs denne grensa er dermed lite tilgjengelig. I ROS-analysen til kommunedelplanen i området er det trukket fram at det må tilrettelegges for alternativ tilkomst til områdene for å sikre angrepsveggar for brann- og redningsmannskapane.

Det er vidare ikkje gjort nokon vurdering om trafikkauke i området og kva for konsekvensar dette kan få for ulukkesfrekvensane i området.

Det er vist til vurderingar i KommuneROS for eksisterande industri og verksemd i dei omkringliggende områdar. Det er ikkje gjort nokon vurdering på kva for avgrensingar dette kan ha for verksemdar som kan etablere seg i området N05. Det er heller ikkje gjort nokon vurdering av kva for konsekvensar og eventuelle avgrensingar nyetableringar i N05 kan få for eksisterande områdar.

I ROS-analysen er det vist til ROS-analyse for Statoil Mongstad. I sikkerhetsrapporten for Statoil Mongstad etter storulykkesforskrifta er det utarbeida kart som viser grensa for storulykke rundt anlegget. Denne grensa er lagt over det aktuelle området som omfattes av reguleringsplanen. I rapporten er det vist til at grensa følger eit høgdedrag som går frå krysset til Ekornsåta. Kor stor tyding høgdedraget har for fastsetting av grensa er ikkje opplyst i sikkerhetsrapporten. Dette høgdedraget er fjerna utan at konsekvensane er vurdert i ROS-analysen for industriområdet N05. Det er i liten grad gjort nokon vurdering av kva for type verksemdar som kan etablerast innanfor storulykkegrensa,

### **Konklusjon:**

Gjennomgangen viser at ROS-analyse for Detaljregulering for næringsfelt N05 ved Leirvågskrysset PlanID: 1264-2005006, utført av ADU Ingeniør Atle D. Utkilen, 10.06.2014, ikkje gir ei tilfredsstillande vurdering av forhold knytt til risiko. Dette gjeld spesielt for verknader som verksemdar i planområdet vil kunne få for omgjevnadane.

## RISIKO- OG SÅRBARHETSANALYSE

for

## NÆRINGSOMRÅDE N05 - LEIRVÅGKRYSET

1264 Austrheim kommune

PLAN ID: 1264-2005006 Austrheim kommune





Rapportnr.:  
2014131-1

Oppdrag nr.:  
2014131

Dato:  
10.06.2014

Kunde:  
Odd Haugen

## NÆRINGSOMRÅDE N05 - LEIRVÅGKRYSSSET

### ROS-ANALYSE

#### Samandrag:

Denne ROS-analysen er utarbeidet på oppdrag fra Odd Haugen i samband med reguleringsplan for Næringsområde N05 - Leirvågkrysset i Austrheim kommune.

Tiltak i planområdet, som vert utført i samsvar med føresegn i reguleringsplanen, vil ikkje representera noko spesiell fare som overstig det som fell inn under akseptkriteriar.

Næringsområdet har nærleik til Statoil Mongstad med risiko for storulykke. Basert på vurderingar frå Statoil og ROS-analyse til Austrheim kommune, ligg næringsområdet utanfor areal med begrensning i byggjeaktivitet og bruk (Berre begrensning knytt til byggjing av sjukehus, skular mv).

REV	DATO	REVISJONEN GJELDER:	Sign
UTARBEIDETAV: <b>ADU INGENIØR ATLE D. UTKILEN</b> <b>5953 FONNES</b> <a href="http://WWW.ADU.NO">WWW.ADU.NO</a>		SIGNATUR	

## **FORORD**

Risiko- og sårbarhetsanalysen for Næringsområde N05 i Austrheim kommune er utført av ADU Ingeniør Atle D. Utkilen på oppdrag av Odd Haugen.

Risiko er eit uttrykk for den fare som uønskja hendingar representerer for menneskje, miljø og materielle verdiar. Risikoen vert uttrykt gjennom kor sannsynleg det er at uønskja hending skjer og kor store konsekvensar den uønskja hendinga fører til.

Sårbarhet er eit uttrykk for systemet si evne til å fungere og oppnå sine mål når det vert utsett for påkjenningar.

Analysen fokuserar på hendingar som kan oppstå ved at tiltaket vert gjennomført. Det er i denne analysen sett på dei hendelingar som er spesielle for tiltaka i næringsområdet N05. For vurdering av omgjevnaden og den generelle ROS-analysen, viser vi til Austrheim kommune sin ROS-analyse og til vurderingar utført av Statoil Mongstad.

Fonnes 10.06.2014  
ADU Ingeniør Atle D Utkilen

# 1 INNLEIING

## 1.1 Bakgrunn

Detaljreguleringa av Næringsområde N05 Leirvågkrysset med PlanId 12642005006 vart starta opp i 2005. Planforslag vart framlagt til handsaming i kommunen 11/4-2006. Frå kommunen er det opplyst at planforslaget av diverse grunnar ikkje vart vidare politisk handsama. Først i 2012 kom plan opp til formell handsaming i kommunen. I perioden fram til 2012 har tiltakshavar fått løyve til sprenging og planering av heile området. Pr d.d er heile området tilnærma ferdig utsprengt og planert. Området ligg no klart for ferdigstilling og utbygging i samsvar med forslag til detaljregulering.

Planforslaget som kom inn i 2012 vart handsama av formannskapet i sak 059/12 den 11.04.2012 og deretter lagt ut på høyring. Det kom inn motsegn til planforslaget frå fylkesmannen ( 21.06.2012):

*"Fylkesmannen kan ikkje sjå at risikoanalysen som er lagt ved planen tilfredsstillar krava som er stilt til risikoanalyse:*

- *Akseptkriteria er ikkje definert i planen, jf TEK-10*
- *Planen manglar sjølvstendig risikoanalyse*

*Fylkesmannen fremmer motsegn til reguleringsplane, grunna i punkta over."*

Etter dette har ein ikkje kome vidare i saka bl.a knytt til usemje om det er naudsynt med eigen ROS-analyse.


Tiltakshavar har no, tiltross for at ein er usamd med kommunen, valt å få utført ein ROS-analyse. Vårt firma, ADU Ingeniør Atle D. Utkilen, er engasjert til å foreta denne analysen.

## 1.2 Status ved oppstart og føresetnad

Vi starta opp arbeidet med ROS-analysen medio mai 2014. Ved oppstart var området tilnærma ferdig planert ( sjå bilde). Basert på at steinuttak tilnærma er ferdig utført, omhandlar vår ROS-analyse ikkje konsekvensar knytt til sjølve steinuttaket. Derimot har vi med vurdering knytt til å avslutta steinuttaket og etablering av industri/ næring.



Dokumentet er å forstå som eit vedlegg til reguleringsplanen. For detaljert informasjon om området, viser vil til planskildringa, reguleringskartet og føresegn.



FIGUR 1 - PLANFORSLAGET SLIK DET STÅR I DAG

## ROS ANALYSE - FØRESETNAD OG PRINSIPP

### 1.3 Metodikk, avgrensning og grunnlag

Analysen er ein kvalitativ grovanalyse.

Vi har nytta Skrednett.no, NVE og anna offentleg statistikk og kart for å få oversikt over kvar det er fare for ras og flaum, i tillegg til lokal kunnskap om hendingar og aktuelle område.

Gjeldande ROS-rapport for Austrheim kommune frå 2010 og ROS-analyse for kommunedelsplanen for Fønnes, Kaland, Leirvåg og Litlås inneheld mange vurderingar som framleis er aktuelle og som vi har nytta i vurderinga.

Statoil Mongstad har eigne vurderingar knytt til oljeraffineri og sikkerheitssonar rundt anlegget. I arbeidet med denne analysen har vi vore i kontakt med Statoil Mongstad om vurdering knytt til risiko i ytre risikosone (N05 ligg i denne sona).

I tillegg legg vi til grunn nasjonale og regionale beredskapsplanar for redningsetatar og overordna myndigheiter

Analysen har ikkje vurdert risiko i anleggsperiode eller det som har gått føre av aktivitet ved steinuttak fram til d.d..

### 1.4 Akseptkriterium

I denne analysen har vi nytta akseptkriterium som vert nytta av Austrheim kommune ved revisjon av kommunen sin ROS-analyse - vedteke i sak 059/13.

Etterfølgjande, under dette punktet, er henta direkte frå vedtak i kommunen:

Akseptkriteriar som grunnlag for vurderingane.

#### **Sannsyn:**

Omgrep	Frekvens
<b>Usannsynleg (1)</b>	Mindre enn ein gong kvart 500. år
<b>Lite sannsynleg (2)</b>	Mellom ein gong kvart 50. år og ein gong kvart 500. år.
<b>Mindre sannsynleg (3)</b>	Mellom ein gong kvart 10. år og ein gong kvart 50. år.
<b>Sannsynleg (4)</b>	Mellom ein gong kvart år og ein gong kvart 10. år.
<b>Særs sannsynleg</b>	Meir enn ein gong kvart år.

Konsekvens og konsekvensgradering:

Liv og helse, miljø og økonomi

Omgrep	Liv og helse (A)	Miljø (B)	Økonomiske verdiar (C)
<b>Ufarleg (1)</b>	Ingen personskadar	Ingen miljøskadar	Skadar opp til kr 50.000
<b>Ein viss fare (2)</b>	Få og små personskadar	Mindre miljøskadar	Skadar frå kr 50.000 til kr 0,5 mill.

<b>Farleg (3)</b>	Få men alvorlege personskadar. Dødsfall kan førekoma	Omfattande skadar på miljøet	Skadar frå kr 0,5 mill. til kr 5 mill
<b>Kritisk (4)</b>	Opp til 5 døde Opp til 10 alvorlig skadde/sjuka	Alvorlege skadar på miljøet	Skadar frå kr 5 mill. til kr 50 mill.
<b>Katastrofalt (5)</b>	Over 5 døde Over 10 alvorlig skadde/sjuka Over 50 evakuerte	Svært alvorlege og langvarige skadar på miljøet	Skadar over kr 50 mill.

## Drift (D)

Omgrep	Beskriving
<b>Ufarleg (1)</b>	Systema vert midlertidig satt ut av drift. Ingen direkte skade, kunn mindre forseinkingar. Ikkje naudsynt med reservesystem.
<b>Ein viss fare (2)</b>	Systema vert midlertidig satt ut av drift. Kan føre til skader, dersom det ikkje finnast reservesystem/alternativ.
<b>Farleg (3)</b>	Driftsstans i fleire døgn.
<b>Kritisk (4)</b>	Systema vert satt ut av drift over lengre tid. Andre avhengige system rammes midlertidig.
<b>Katastrofalt (5)</b>	Hovud- og avhengige system vert permanent satt ut av drift.

**Risiko:**

Funksjonen av sannsyn (frekvens) for uønska hendingar og konsekvensane av desse. Ein skal i analysen operere med graderingar av risiko som vist over.

Sannsyn og konsekvens kan settas inn i ei felles matrise og vi får da et bilde på risikoen for hendinga. Fargene finner vi igjen i graderinga av risiko: rød = 1. Uakseptabel risiko, gul = 2. akseptabel, men høg risiko, grøn = akseptabel risiko.

**Sannsyn og konsekvens for hendinga**

<b>Særs sannsynleg</b>	5	10	15	20	25
<b>Sannsynleg</b>	4	8	12	16	20
<b>Mindre sannsynleg</b>	3	6	9	12	15
<b>Lite sannsynleg</b>	2	4	6	8	10
<b>Usannsynleg</b>	1	2	3	4	5
	<b>Ufarleg</b>	<b>Ein viss fare</b>	<b>Farleg</b>	<b>Kritisk</b>	<b>Katastrofalt</b>

A = liv og helse (A1=mennesket, A2=dyr), B = miljø, C = økonomi, D = drift

Raud:  
Uakseptabel

For slike hendingar må det setjast i verk førebyggjande tiltak eller beredskapen må aukast. Dette gjeld t.d. tilfelle der ei svært sannsynleg hending vil få katastrofale konsekvensar.

**Gul:**  
Akseptabel, men høg risiko (5 – 14)

Tilhøvet mellom nytte og kostnad må her avgjera kor vidt kommunen bør satsa på nye tiltak. Eit døme vil vera tilfelle der ei sannsynleg hending vil medføra farlege, kritiske eller katastrofale konsekvensar.

**Grøn:**  
Akseptable

Det vil her utifrå eit sårbarsynspunkt ikkje vera naudsynt å satsa ytterlegare på desse områda. Dette vil t.d. vera mindre sannsynlege hendingar som vil vera ufarlege eller medføra ein viss fare.

#### Sårbarheit:

Uttrykk for lokalsamfunnet si evne til å fungera og oppnå sine mål under uføresette hendingar.

#### Skred, ras, flaum og stormflo

I Forskrift om tekniske krav til byggverk (Byggteknisk forskrift) TEK10 til Pbl er det satt krav til vurdering av forhold som er knytt til bygging i naturutsette områder. Byggverk skal plasseras, prosjekteras og utføres på ein slik måte at det vert oppnådd tilfredsstillande tryggleik mot skade eller vesentlig ulempe frå naturpåkjenningar

I TEK10 §§ 7-2 og 7-3 er det sett krav til omfang og frekvens for dimensjonerande naturhendingar som kan føre til fare for skadar eller i verste fall tap av liv og helse. Disse akseptkriteria må leggas til grunn for plassering av det einskilde tiltak. I tillegg må eksisterande bygnadar og infrastruktur vurderast.

#### Tryggleiksklasser for byggverk i flaum- og stormfloutsett område

Tryggleiksklasse for	Konsekvens	Største nominelle årlige sannsyn
F1	liten	1/20
F2	middels	1/200
F3	stor	1/1000

#### Tryggleiksklasser ved plassering av byggverk i skred- og rasfareområde

Tryggleiksklasse for	Konsekvens	Største nominelle årlige sannsyn
S1	liten	1/100
S2	middels	1/1000
S3	stor	1/5000

### 3 VURDERING (ROS-ANALYSE) AV AKTUELLE UØNSKA HENDINGAR

Vi har utarbeid egne kontrollister som vi nyttar i alle ROS-analyser. Listene vert tilpassa prosjekta. Sjekklista er utarbeid i samsvar med retningslinjer frå **dsb** (Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap).

Lista vert brukts både som sjekkliste og som arbeidsredskap for å koma fram til risikovurderinga for dei enkelte punkta.

I etterfølgjande vurderingar har vi oppsummert det vi har funnet i arbeidet. Oppsummeringa er i første omgang gjort komprimert basert på dei funn vi har gjort i analysen.

#### 3.1 **Naturgjevne forhold ( sjå pkt 1 -8 i sjekkliste)**

Austrheim kommune ligg ved kysten og er usett for springflo, vind/storm og ekstremnedbør.

Det aktuelle næringsområdet ligg slik til at det ikkje er utsett for springflo. Terrenget/topografien sikrar god avrenning ved ekstrem nedbør. Ved fast dekke, må ein dimensjonere nødvendig kapasitet i røranlegg for overvatn.

Det er sansynleg at området vert utsatt for storm/vind. Sjølve området er lite eksponert. Ved bygging i samsvar med nye byggjeforskrifter er det lite sansynleg at storm får konsekvensar.

I vurderinga har vi lagt til grunn at alle tiltak vert prosjekttert og utført i samsvar med byggjeforskrifter.

#### 3.2 **Infrastruktur - Transportårer ( sjå pkt 10 -14)**

Det foregår mykje transport av farleg gods på vegane også forbi N05 og då særleg på vegen ned til Leirvåg fergekai.

Problemstillinga er belyst og vurdert i Austrheim kommune sin ROS analyse. Vi finn ikkje behov for å utreda dette ytterlegare. Vi viser her til Austrheim kommune sin ROS-analyse.

Av tiltak for å sikre/ begrense konsekvensar ved eventuell hending, har vi lagt til grunn at alle bedrifter i området må gjera seg kjent med og innretta seg i samsvar med kommunen sin beredskapsplan. Plan for røming frå området må verta definert.

#### 3.3 **Infrastruktur - Nærliggjande verksemd ( sjå pkt 15 - 19)**

Statoil Mongstad er det området som er mest aktuelt. I tillegg ligg det ein del industriverksemdar på Litlås.

Dei aktuelle nærliggjande verksemdene er vurdert i ROS-analysen frå Austrheim kommune. I tillegg har Statoil Mongstad vurdert sine områder og satt begrensningar utfrå dette då knytt til storulykke. Vi finn ikkje det naudsynt å utreda dette ytterlegare.

I vår totalvurderinga er det vektlagt at både Statoil Mongstad og Austrheim kommune har funne det forsvarleg å etablere brakkerigg og administrasjonsbygg nærmare oljeraffineriet enn kva næringsområdet N05 ligg.

Vi legg til grunn at alle nye bedrifter i området gjer seg kjent med og innrettar seg i samsvar med kommunen sin beredskapsplan. Særleg røming frå området skal vera definert og gjort kjent for alle ansatte.



**3.4 Infrastruktur - bortfall av tilgang på tenester ( sjå pkt 20 - 25 i sjekkliste)**

Svar på dette punktet er knytt til kva bedrifter/ aktiviteter som kjem i N05. Normalt medfører bortfall av strøm/tele/vatn mv ingen konsekvensar for menneske og miljø. Derimot kan det medføre økonomiske konsekvensar for bedriftene.

**3.5 Infrastruktur - Transportnett for gåande, syklande og kjørande innanfor N05 ( sjå pkt 20 - 25 i sjekkliste)**

Næringsområdet ligg slik til at det ikkje er naturleg for privatpersonar å krysse gjennom området. I planforslaget er det lagt inn gangveg/ fortau i randsoner langs offentleg veg i tillegg til at ein har lagt inn fotgjengarovergang. Samla sikrar dette noverande og framtidig transportnett på ein god måte også ved framtidig ubygging i Ekornsåta. I tillegg er veganlegget lagt oversiktleg i sjølve området.

**3.6 Infrastruktur - Brannberedskap ( sjå pkt 45 - 48 i sjekkliste)**

Det er i utgangspunktet berre ein vegtilkomst til N05. Dette er likevel vurdert som lite problematisk knytt til at hovedveggar i område grensar til N05 langs 2 av sidene. Dette sikrar god tilkomst for brannbil. Det er godt brannberedskap i området.

**3.7 Tidlegare bruk - forurensing ( sjå pkt 50 - 52 i sjekkliste)**

Området har tidlegare vore nytta som utmark / landbruksføremål. I anleggsperioden har ein sprengt ut fjell for steinuttak. Vi er ikkje kjent med at dette arbeidet har medført noko forurensning i grunnen.

**3.8 Konsekvensar av planen for andre ( sjå pkt 60 - 64 i sjekkliste)**

Normalt er det ikkje noko negativt knytt til etablering av nye bedrifter/ lettare industri i eit slik område. Det ligg skjerna til opp mot eksisterande bustadområder. Planlagt bustadområde i Ekornsåta kan til ein viss grad verta berørt dersom det kjem industri med mykje støy/ forurensning. I denne samanheng er det like stor fare for at Ekornsåta vert berørt av eksisterande næringsaktivitet i området.

Endeleg vurderinga av konsekvensar for andre må vurderast når bedrifter vert etablert eller ved byggesøknad.

**4 FØREBYGGJANDE TILTAK**

Vi har i denne ROS-analysen ikkje funne det naudsynt å setta opp eige forslag til førebyggjande tiltak knytt til næringsområdet N05.

Det er særleg ytre forhold som kan få konsekvensar for bedrifter som vert etablert i N05. Det er derfor viktig at alle bedrifter får pålegg om å gjera seg kjent med kommunen og Statoil Mongstad sine beredskapsplanar. I tillegg bør det liggja føre ein spesifikk rømningsplan ut frå N05.

**SJEKKLISTER**


Vedlegg 1 - Sjekkliste med vurderinga som er nytta i saka.

			Vurdering							
Pkt	Emne	Forhold eller uønska hending	Aktuell?		Sansynleg 1= Usannsynleg 2= Lite sannsynleg 3= Mindre sannsynleg 4= Sannsynleg 5= Særs sannsynleg	Konsekvens for			Risiko Funksjonen av sannsyn for uønska hendingar og konsekvensane av desse	Merknad - knytt til konsekvensar for det aktuelle området og anbefalte tiltak
			Nei	Ja		Menneske	Miljø	Økonomisk		
<b>Naturgjevne forhold</b>										
1		Er området utsatt for snø- eller steinskred?	X	(X)	S2	K2	K1	K2		Tomten er utsprengt og planert. Før bruk må det foretas kontroll og nødvendig sikring i randsoner/skjæringer. Dersom naudsynt må det setjast opp sikringsgjerde.
2		Er det fare for utglidning (er området geoteknisk ustabil)?	X		S1	K1	K1	K1		Heile området ligg på utsprent fjellgrunn
3		Er området utsatt for springflo/flom i sjø/vann?	X		S1	K1	K1	K1		Planert på ca kote +25.
4		Er området utsatt for flom i elv/bekk, herunder lukket bekk?	X		S2	K1	K1	K1		Berre mindre bekkar i området. Terreng tilseier at det ikkje er risiko for flom.
5		Ekstremnedbør?			S4	K1	K1	K1		Det er sannsynleg at området vert utsatt for ekstremnedbør. Topografien i område tilseier at det er liten eller ingen risiko for at dette skal føre til konsekvensar. Ved fast dekke, må ein dimensjonere nødvendig kapasitet i røranlegg for overvatn.
6		Vind/storm?			S4	K1	K1	K1		Austrheim ligg i eit verutsatt område. Det er sannsynleg at området vert utsatt for storm/vind. Sjølve området er lite eksponert. Ved byggjing i samsvar med nye byggjeforskrifter er det lite sannsynleg at storm får konsekvensar
7		Er det radon i grunnen?			S2	K2	K2	K2		Bygninger for varig opphald har generelt krav til radonsikring. Så lenge ein byggjer i samsvar med formelle krav er det liten risiko
8		Annet (angi)	X							Ikkje funne andre punkt som er aktuelle.
<b>Infrastruktur</b>										
10		Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe på nærliggjande <i>transportårer</i> , vera ein risiko for området?								
11		-hendelser på veg		X	S2	K3	K2	K3		Det foregår mykje transport av farleg gods på vegane i området. Problemset er vurdert i AK sin ROS analyse. Bedrifter i området må innretta seg i samsvar med kommunen sin beredskapsplan og sikre at særleg røming frå området er definert.
12		-hendelser på jernbane	X		S1	k1	k1	k1		


Pkt	Emne	Forhold eller uønska hending	Aktuell?		Sansynleg 1= Usannsynleg 2= Lite sannsynleg 3= Mindre sannsynleg 4= Sannsynleg 5= Særs sannsynleg	Konsekvens for			Risiko Funksjonen av sannsyn for uønska hendingar og konsekvensane av desse	Merknad - knytt til konsekvensar for det aktuelle området og anbefalte tiltak
			Nei	Ja		Menneske	Miljø	Økonomisk		
13		-hendelser på sjø/vann/elv	X		S1	K1	K1	K1		
14		-hendelser i luften	X		S1	K1	K1	K1		
15		Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffa i nærliggjande virksomhet (industriforetak etc.), vera ein risiko for området?								Statoil Mongstad er det området som er mest aktuelt. Det vert vist til vurdering av Statoil Mongstad og til ROS- analyse Austrheim kommune. I vår totalvurderinga er det vektlagt at både Statoil Mongstad og Austrheim kommune har funne det forsvarleg å etablere brakkerigg og administrasjonsbygg nærmare oljeraffineriet enn kvar næringsområdet ligg.
16		-utslipp av giftige gasser/væsker		X	S3	K3	K3	K3		Punktet er vurdert i AK sin ROS analyse. Bedrifter i området må innretta seg i samsvar med kommunen sin beredskapsplan og sikre at særleg røming frå området er definert.
17		-utslipp av eksplosjonsfarlige/brennbare gasser/væsker		X	S3	K3	K3	K3		Punktet er vurdert i AK sin ROS analyse. Bedrifter i området må innretta seg i samsvar med kommunen sin beredskapsplan og sikre at særleg røming frå området er definert.
18		-radioaktivt nedfall	X	(X)						Manglar grunnlag for å vurdere.
19		-industribrann		X	S3	K2	K2	K2		Punktet er vurdert i AK sin ROS analyse. Bedrifter i området må innretta seg i samsvar med kommunen sin beredskapsplan og sikre at særleg røming frå området er definert.
20		Medfører bortfall av tilgang på følgende tjenester spesielle ulemper for området:								
21		-elektrisitet	X		S2	K1	K1	K2		Bedrifter kan miste omsetning ved bortfall. Normalt er bortfall kortvarig.
22		-teletjenester	X		S2	K1	K1	K1		– ”
23		-vannforsyning	X		S2	K1	K1	K2		– ”
24		-renovasjon/spillvann	X		S2	K1	K1	K1		– ”
25		-transportnett	X		S2	K2	K1	K2		– ”
30		Dersom det går høyspentlinjer ved/gjennom området:								
31		-påvirkes området av magnetisk felt fra el.linjer?	X							

Pkt	Emne	Forhold eller uønska hending	Aktuell?		Sansynleg 1= Usansynleg 2= Lite sansynleg 3= Mindre sansynleg 4= Sansynleg 5= Særs sansynleg	Konsekvens for			Risiko Funksjonen av sansyn for uønska hendingar og konsekvensane av desse	Merknad - knytt til konsekvensar for det aktuelle området og anbefalte tiltak
			Nei	Ja		Menneske	Miljø	Økonomisk		
32		-er det spesiell klatrefare i forbindelse med master?	X							
40		Er det <i>spesielle</i> farer forbundet med bruk av transportnett for gående, syklende og kjørende innenfor området:								Området ligg ikkje slik til at det er aktuelt å kryssa området for tilkomst til ulike fasilitetar. Denne sikrar også trygg transport ved framtidig ubygging Ekornsåta. I planen er det planlagt gangveg/ fortau langs hovudveg. Det er berre ansatte som er berørt innanfor området. I tillegg er veganlegget lagt oversiktleig i sjølve området.
41		-til skole/barnehage?		x	S2	K2	K1	K1		Ved etablering av rundkjøring og gangfelt langs hovudveg betrar ein trafiktryggleiken
42		-til nærmiljøanlegg (idrett etc.)?		x	S2	K2	K1	K1		— ”
43		-til forretning etc.?		x	S2	K2	K1	K1		— ”
44		-til busstopp?		x	S2	K3	K1	K1		— ”
45		<b>Brannberedskap</b>								Det er i utgangspunktet berre ein vegtilkomst. Dette er likevel vurdert som lite problematisk knytt til at hovedveggar i område grensar til område langs 2 av sidene. Dette sikrar god tilkomst for brannbil. Det er godt brannberedskap i området.
46		-omfatter området spesielt farlige anlegg?	X		S2	K2	K2	K2		
47		-har området utilstrekkelig brannvannforsyning (mengde og trykk)?	X		S2	K2	K2	K2		
48		-har området bare en mulig atkomstrute for brannbil?	X		S3	K2	K2	K2		
	<b>Tidligere bruk</b>									
50	Tidligere bruk	Er det mistanke om forurensning i grunnen fra tidligere virksomheter?			S1	K1	K1	K1		Ikkje aktuelt. Området har tidlegare vore utmark/ landbruksareal.
51		-bensinstasjon/bilverksted/tankanlegg	X		S1	K1	K1	K1		ikkje aktuelt
52		-mekanisk verksted/skipsverft	X		S1	K1	K1	K1		ikkje aktuelt
60	<b>Konsekvensar av planen</b>									
61		fare for akutt forurensning	X		S2	K3	K3	K3		Dette er punkt som ein må vurdere når ein godkjenner kva tiltak som skal etablerast

Pkt	Emne	Forhold eller uønska hending	Aktuell?		Sansynleg	Konsekvens for			Risiko	Merknad - knytt til konsekvensar for det aktuelle området og anbefalte tiltak
			Nei	Ja	1= Usannsynleg 2= Lite sannsynleg 3= Mindre sannsynleg 4= Sannsynleg 5= Særs sannsynleg	Menneske	Miljø	Økonomisk	Funksjonen av sannsyn for uønska hendingar og konsekvensane av desse	
62		støy og støv	X		S2	K2	K1	K1		Dette er punkt som ein må vurdere når ein godkjenner kva tiltak som skal etablerast
63		Konsekvens for tilstøytande bedrifter	X		S2	K1	K1	k1		ikkje aktuelt
64		anna	X							ikkje aktuelt



- TEIKNFORKLARING
- Bygningar og anlegg
- I 1340 Industri
  - T 1590 Teknisk anlegg
- Samferdsel og teknisk infrastruktur
- 2011 Kjøreveg
  - 2016 Gangveg, fortau
  - 2019 Anna vegareal
- Grøne strukturar
- FL 3020 Naturområde
  - PB 3060 Vegetasjonsskjerm
- Omsynssoner
- Friskt (140)
- Plangrense  
 --- Formålsrense  
 --- Omsynsgrense  
 --- Byggjegenre  
 --- Sentriline veg  
 --- Regulert kant kjørebane  
 --- Planlagt tomtegrense  
 --- Frisktiline



REVISJONSKLADD 14. 01. 2013

PLANKART 2012

AUSTRHEIM KOMMUNE		Mål
Reguleringsplan for		A0 : 1 : 1000
Gnr. 128 Leirvåg, bnr. 8 m. fl.		A2 : 1 : 2000
Leirvågkrysset næringsområde		A4 : 1 : 4000
SAKSHANDSAMING		Dato - sign.
1. gangs handsaming i planutvalet		
Offentleg ettersyn		
2. gangs handsaming i planutvalet		
Kommunestyret		
REVISJONAR		
Odd Haugen	Dato	Sist revidert
Siv. ing. Vidar Mjøs	11. 04. 2006	12. 03. 2012
Fabrikkgaten 7B, 5059 BERGEN	Prosjekt nr. 422	Teikning nr. 11



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Marit Gjevne Røttingen, 5557 2377

AUSTRHEIM KOMMUNE	
13 JUNI 2012	
Saksnr.: 06/427	Saksh.: RRA
J.nr.: 3994-10	Arkiv: C12
Kopi: Vår dato	Vår referanse
12.06.2012	2012/6294 421.4
Dykkar dato	Dykkar referanse
07.05.2012	06/427

Austrheim kommune  
Kommunehuset  
5943 Austrheim

### Uttale til offentlig ettersyn - Austrheim - Næringsområde N05 - Leirvågkrysset - Detaljreguleringsplan

Vi viser til brev datert 7.5.2012 med melding om detaljreguleringsplan for Leirvågkrysset til offentlig ettersyn.

Planområdet er i samsvar med kommunedelplan for Leirvåg, Litlås, Kaland og Fønnes, og er avsett til industri, som med føringar er avgrensa til industri med lågt farepotensiale og låg miljøbelastning i form av ureining og støy, jf. § 3.1.1 i føresegnene. Innanfor området i dag er det eit eksisterande masseuttak, som er under utviding.

Dagens masseuttak og utviding er gjort liten greie for i planomtala, og planen legg i liten grad føringar for masseuttaksområda og industriområda. Det er skreve at ein ynskjer å planere ut industriområde på ca kote 26 moh. Men det er framleis uklårt korleis området vil sjå ut etter at masseuttaket er avslutta og teke i bruk til industri, og det er svært viktig at det vert gjeve føringar for korleis landskapet skal sjå ut etter at uttaket er ferdig. Det bør lagast ein driftsplan for uttaket som Direktoratet for mineralforvaltning må stadfeste. Det er òg ynskjeleg at det i samband med drifta vert sett av midlar for å sikre opprydding av området ved ein eventuell konkurs, for å sikre at det ikkje vert varige, store sår i landskapet.

§ 3.1.4 seier at "næringsareal innafør storulukkesgrensa omkring Mongstad ikkje kan nyttast til etableringar med hovudføremål å tiltrekkje seg mest mogleg ålment publikum". Det bør presiserast, jf planomtalen, kva ein meiner med slike etableringar. Det bør òg presiserast kva type verksemder ein ynskjer inn i området.

Fylkesmannen ber om at merknadane vert innarbeida i planen.

Med helsing

Berit Karin Rystad e.f.  
Seksjonsleiar

Marit Gjevne Røttingen  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

AUSTRHEIM KOMMUNE Page 1 of 1  
13 JUNI 2012

Saksnr.:	Saksh.:
J.nr.:	Arkiv:
Kopi:	

**Post Austrheim**

**Fra:** Røttingen, Marit Gjerve [fmhomgr@fylkesmannen.no]

**Sendt:** 12. juni 2012 22:11

**Til:** Post Austrheim

**Kopi:** hfk@post.hfk.no

**Emne:** Uttale til offentlig ettersyn - Austrheim - Næringsområde N05 - Leirvågkrysset - Detaljreguleringsplan

Hei,

Vedlagt ligg:

Uttale til offentlig ettersyn - Austrheim - Næringsområde N05 - Leirvågkrysset - Detaljreguleringsplan:

Brevet vert kun sendt elektronisk.

Mvh

Fylkesmannen i Hordaland

E-post: fmhopostmottak@fylkesmannen.no

13.06.2012





## Statens vegvesen

Austrheim kommune  
5943 AUSTRHEIM

AUSTRHEIM KOMMUNE	
19 JUNI 2012	
Saksnr.: 06/427	Saksh.: RRA
J.nr.: 4050 - 11	Arkiv: L12
Kopi:	

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Sigmund Bødal - 55516146

Vår referanse:  
2012/057801-002

Dykkar referanse:  
06/427-9

Vår dato:  
04.06.2012

### **Reguleringsplan - PlanId 2005006 - Næringsområde N05 Leirvågkrysset - Austrheim kommune - Offentleg høyring**

Vi viser til brev i frå Austrheim kommune motteke hos oss 09.05.12 med reguleringsplan for Leirvågkrysset næringsområde lagt ut til offentleg ettersyn.

Så langt vi forstår av oversendt dokumentasjon i saka vart det varsla oppstart for denne reguleringsplanen, så langt tilbake som i 2005. Området er på 80 daa og skal nyttast til industri, kontor, lager og forretning. I vår uttale av 15.09.05 la vi vekt på å få til eit godt tilbod for mjuke trafikantar mot Mongstadkrysset og sentrum på Kaland. Vidare vart det kravd sikt i Leirvågkrysset på 10 x 140 meter.

Trafikkmessig har det skjedd mykje sidan 2005. I dag er det eit auka fokus på trygge trasear for mjuketrafikantar og mellom anna spå er både reglar for siktliner i kryss og byggjegrense i høve veg endra, sist 01.01.10. På denne bakgrunn ser vi å måtte gå gjennom planen på nytt og sette krav etter dagens standard.

#### **Byggjegrense**

Vi ser at det er lagt inn i planen ei byggjegrense på 30 meter. Vi ser å kunne akseptere denne byggjegrensa for planområdet. Når det gjeld Leirvågkrysset så er det ei byggjegrense med ein storleik på 60 meter inn på Fv 57 og 60 meter på Fv 565 mot Kaland som utgjør ein trekant med byggjegrense i krysset. Denne byggjegrensa må markerast på plankartet.

#### **Gang og sykkelveg**

Plan området er lokalisert i kort distanse til industriområdet på Mongstad og til senterområdet på Kaland. I dette området er det naturleg at mjuke trafikantar beveger seg til og frå arbeid, og til senter og butikk tilboda som er under etablering ved Mongstad og som eksisterar på Kaland. Som i 2005 vurderer vi at det ikkje er eit heilskapleg tilbod til mjuke trafikantar i området. Det er soleis positivt at planen er utvida med gang og sykkelveg mot Mongstadkrysset og fram til Kalandområdet. Gang og sykkelvegen skal ha ei breidde på 3 meter og konstruerast etter standardkrav i Vegnormal 017. Etablering av gang og sykkelveg vil vere eit rekkjefølgje krav frå vår side. Det må soleis inn i føresegnene til planen at det

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 815 44 010  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Spelhaugen 12  
5147 Fyllingsdalen

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Båtsfjordveien 18  
9815 VADSØ  
Telefon: 78 94 15 50  
Telefaks: 78 95 33 52

ikkje kan gjevast mellombels ferdigattest for bygningar i området før gang og sykkelvegen er ferdig etablert.

### **Siktsoner – Kryss og avkøyrslar**

Planområdet har ei avkøyrslar til Fv 57. I tillegg er krysset mellom Fv 57 og Fv 565 ein del av planen. Når det gjeld avkøyrslar frå næringsområdet ut på Fv 57 så skal den ha ei siktsona på 6 x 129 meter. Denne avkøyrslar skal ha ein svingradius på minimum 9 meter. Det må etablerast tilfredstillande drenering på staden slik at Fv 57 kan haldast fri for tilsig av fukt heile året.

For krysset mellom Fv 57 og Fv 565 skal det i kvar retning vere sikt i 10 x 170 meter. Vi kan ikkje sjå at siktsonene er markert på kartet. Dette må det endrast på, samstundes som siktsonene skal markerast med talverdiar.

### **Kryssing for mjuke trafikantar**

Vi ser at det i planen er lagt opp til kryssing av Fv 565 med fotgjengarovergang. Vi gjer merksam på at det er ein eigen separat søknadsprosess når det gjeld etablering av fotgjengarovergang. Det er ikkje ein del av reguleringsplanen. Kryssingspunkt kan likevel visast. I dei seinare åra er kriteria for etablering av fotgjengarovergang skjerpa. Det reelle fartsnivå skal ikkje overstige 45 km/t i dei områda ein skal etablere fotgjengarovergang. I planområdet er det 80 km/t og ei kryssing av hovudvegen i området med gangfelt er ikkje trafikalt trygt nok, og er difor ikkje vurdert som ei aktuell løysing. Fare for trafikkulukker der bil og mjuke trafikantar er involvert er overhengande, spesielt i den mørke årstida. Ei kryssing for mjuke trafikantar må difor finne stad ved etablering av planskilt kryssing. Vi ber om at det vert vurdert aktuelle punkt for slik kryssing i planområdet. Vi vil stille krav om realisering av planskilt som eit rekkjefølgjekrav i samband med planen,

### **Vidare arbeid**

Ovanfor har vi gjeve trafikale innspel til reguleringsplanen for næringsområdet ved Leirvågkrysset. Nokre av våre merknadar skil seg frå det som vår spelt inn i 2005. Dette har naturlegvis å gjere med at krav til ulike trafikale element har endra seg ein del på dei 7 åra planprosessen har pågått. Veglova og Vegnormal 017 vil vere sentrale dokument i ferdigstilling av planen. Frå vår side er det stilt rekkjefølgjekrav til etablering av gang og sykkelveg, samt realisering av planskilt kryssing for mjuke trafikantar. Dette må inn i føresegnene i planen. Dersom det ikkje vert teken med i planen sine føresegner er dette brevet med bakgrunn i vårt sektoransvar som mellom anna gjeld trafikktryggleik å oppfatte som ei motsegn.

Plan og Forvaltning, Bergen  
Med helsing

*Sindre Lillebø*

Sindre Lillebø  
senioringeniør

*Sigmund Bødal*  
Sigmund Bødal  
overingeniør

Kopi : Hordaland fylkeskommune



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Atle Sæverud, 5557 2372

Vår dato  
21.06.2012  
Dykkar dato

Vår referanse  
2012/6294 421.4  
Dykkar referanse

Austrheim kommune  
Kommunehuset  
5943 Austrheim

### Uttale til reguleringsplan for næringsområdet N05 – Leirvågkrysset - motsegn

Viser til brev datert 07.05.2012 vedrørende reguleringsplan for næringsområdet N05 – Leirvågkrysset.

Fylkesmannen har tidlegare gjeve uttale i denne saka i brev av 12.06.2012. I denne uttalen var omsynet til samfunnstryggleik og beredskap diverre ikkje omtala.

Fylkesmannen kan ikkje sjå at risikoanalysen som er lagt ved planen tilfredstiller krava som er stilt til risikoanalyse.

- Akseptkriteria er ikkje definert i planen, jf TEK-10
- Planen manglar sjølvstendig risikoanalyse

Fylkesmannen fremmer motsegn til reguleringsplanen , grunna i punkta over.

Med helsing

Else-Kristin Foss Vikenes e.f.  
Avdelingsdirektør

Atle Sæverud  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*



Statens vegvesen

AUSTRHEIM KOMMUNE

27 NOV. 2012

Saksnr.: 06/427	Saksh.: RRA
J.nr.: 73/12-21	Arkiv: 8/12
Kopi:	

## Referat

Dato: 23.11.2012  
Tid: 09.00 - 12.00  
Referent: Anne Marta B. Espelund

Sakshandsamar/Innvalsnr:  
Anne Marta B Espelund - 55516432  
Vår dato: 26.11.2012  
Vår referanse: 2012/144461-001

## Møte om planar under arbeid i Austrheim kommune.

### Møte nr:

Stad: Kommunehuset i Austrheim kommune

### Møteleiar:

Til stades: Rolf Raknes (Austrheim kommune), Asbjørn N. Toft (Austrheim kommune),  
Steinar Solberg (Statens vegvesen), Anne Marta B. Espelund (Statens vegvesen)

### Forfall:

Kopi til: Austrheim kommune, post@austrheim.kommune.no

Ansvar / frist

### Bakgrunn

Austrheim kommune (AK) har for tida fleire planprosjekt som involverer offentlig infrastruktur, og tok initiativ til eit drøftingsmøte. Planar som vart drøfta er som følgjer:

### Detaljregulering Næringsområde N05 Leirvågkrysset

Statens vegvesen (SVV) har gjeve uttale til planen, seinast i brev dagsett 4. juni 2012 (referanse.: 2012/057801-002). I brevet er det mellom anna stilt rekkefølgjekrav til etablering av gang og sykkelveg og ei planskilt kryssing for mjuke trafikantar.



I kommunedelplan Leirvåg, Litlås, Kaland og Fonnes er det lagt ut eit bustadområde vest for industriområdet N05. AK argumenterte for at ei planfri kryssing for mjuke trafikantar bør stillast som rekkefølgjekrav til bustadområdet i staden for til område N05.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 02030  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Orq.nr: 971032081

Kontoradresse  
Spelhaugen 12  
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Båtsfjordveien 18  
9815 VADSØ  
Telefon: 78 94 15 50  
Telefaks: 78 95 33 52

SVV kan akseptere at ei planskild kryssing for mjuke trafikantar vert bygd i samband med utbygging av bustadområda Ekornsåta/B36, og ikkje område N05. Ved utbygging av område N05 må det setjast krav til etablering av gang- og sykkelveg langs alle fylkesvegstrekingane i planområdet, samt at krysset mellom fv 565 og fv 57 vert utbetra. SVV skal diskutere internt kva kryssløysing det bør leggjast opp til. Det vart mellom anna drøfta om det burde etablerast høgresvingefelt eller rundkjøring.

Anne Marta/  
Steinar



Fylkesvegstrekinga mellom industriområdet og krysset til Fønnes senter er inkludert i planforslaget. På møtet var det semje om at det ikkje er naudsynt å ha heile denne strekinga med, men at plangrensa bør gå om lag i grensa mellom Ekornsåta og friområdet, jamfør kommunedelplanen.

#### **Gang og sykkelveg fv 565 Mastrevik – Toftegård.**

AK informerte om at det ligg føre plan- og profildeikningar og framlegg til planprogram for gang- og sykkelveg på strekinga Mastrevik – Toftegård. Det er ikkje prioritert midlar hjå fylkeskommunen til prosjektet.

SVV kan bidra med planfaglege råd i arbeidsgrupper e.l.

#### **Ulvøy friområde**

Kommunen ønskjer at gang- og sykkelvegen frå Mastrevik skal vere samanhengande fram til Kilstraumen. Dette er i tråd med SVV sin uttale til reguleringsplanen for Ulvøy (Referanse 2010196392-002). Planområdet skal utvidast slik at fylkesvegen og ei sone på 10 meter på nordsida av vegen vert inkludert.

#### **Kommunal veg forbi kommunehus**

AK arbeider med planar for å rette opp gatestrukturen i området med kommunehuset og kjøpesenteret.

#### *Busshaldeplassar*

Det vart drøfta ulike løysingar for busshaldeplass, mellom anna at det kan vere aktuelt å ha kantstopp for avstiging og busslomme for påstiging.

#### *Fartsgrense*

Det er ikkje regulert fartsgrense i dag. Det vart drøfta om det bør skiltast fartsgrense 40 km/t. Remy Furevik (Tlf.: 55516378, e-post: [remy.furevik@vegvesen.no](mailto:remy.furevik@vegvesen.no)) er SVV sin kontaktperson på dette fagområdet.

#### *Frisikt i kryss*

AK ønskjer å fylgje dei same krava til frisikt som vert nytta på fylkes- og riksvegar. SVV informerte om siktkrava, jamfør tabell under.

### Krav til frisikt (L1 og L2) på de forskjellige vegtyper (eksisterende veg)(Ny 017)

#### Kryss (L1)

Vegtype	S/H	S/H	S/H	S/H	SA	SA	SA	A3
Adt	0-1500	1500-4000	4000-8000	>8000	0-1500	1500-4000	>4000	0-300
	L1+1,5xLS	L1+1,5xLS	L1+1,5xLS	L1+1,5xLS	L1+1,2xLS	L1+1,2xLS	L1+1,2xLS	L1+LS
Fartsgrense/Fartsnivå								
30	38	40	42	43	28	28	30	20
40	55	59	61	64	38	41	44	30
50	76	80	84	88	52	56	61	45
60	100	105	111	117	69	74	81	60
70	129	136	143	150	89	95	104	80
80	161	170	180	188	112	120	130	100


S/H = Stamveger/Andre hovedveger  
SA = Samleveger  
A3 = Adkomstveger, spredt bebyggd

#### Avkjørsel (L1)

Vegtype	S/H	S/H	S/H	S/H	SA	SA	SA	A3
ADT	0-1500	1500-4000	4000-8000	>8000	0-1500	1500-4000	>4000	0-300
	L1+1,2xLS	L1+1,2xLS	L1+1,2xLS	L1+1,2xLS	L1+LS	L1+LS	L1+LS	L1+LS
Fartsgrense/Fartsnivå								
30	30	31	33	35	20	22	24	20
40	44	46	48	51	30	32	34	30
50	60	63	66	70	45	48	53	45
60	80	84	88	93	60	65	70	60
70	103	108	114	120	80	87	94	80
80	129	135	142	150	100	109	118	100

#### (L2)

Traffmengde i sek.veg	Fartsgrense/Fartsnivå i primærveg			
	30 og 40	50 og 60	70 og 80	
Avkj. ADT<50	3	4	4	
Avkj. ADT=50	4	6	6	
Kryss ADT<100	4	6	6	
Kryss 100<ADT<500	6	6	10	
Kryss ADT>500	6	10	10	



Utarbeidet av: Tor S. Nordbee  
Ser-Rogaland distrikt  
Region vest

### Gang- og sykkelvegloysingar i Austrheim

Det var semje om at det hadde vore positivt med eit nytt møte mellom AK og SVV der ein tok for seg prinsippa med gang- og sykkelveg i heile kommunen.



## Statens vegvesen

Austrheim kommune  
5943 AUSTRHEIM

AUSTRHEIM KOMMUNE	
14 DES. 2012	
Saksnr.: 06/427	Saksh.: PRA
J.nr.: 4632-20	Arkiv: 2/12
Kopi:	

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Anne Marta B Espelund - 55516432

Vår referanse:  
2012/057801-003

Dykkar referanse:

Vår dato:  
12.12.2012

### Endra uttale - Austrheim kommune. Næringsområde N05 Leirvågkrysset.

Viser til vår uttale til framlegg til reguleringsplan for næringsområde N05 Leirvågkrysset dagsett 4. juni 2012 og møte med dykk 23. november 2012. Etter samtaler med dykk og interne drøftingar har vi følgjande tilleggsmerknader i vår uttale:

#### Gang og sykkelveg

Vi vil krevje at det vert regulert gang- og sykkelveg langs alle fylkesvegstrekingane i planområdet. Det vil seie at det òg må regulast gang- og sykkelveg langs fv 57 ned mot Leirvåg i planen si utsrekning. Etablering av gang og sykkelveg vil vere eit rekkefølgjekrav frå vår side. Det må vere eit eige punkt i føresegnene til planen om at det ikkje kan gjevast mellombels bruksløyve for bygningar i området før gang og sykkelvegen er ferdig etablert.

#### Kryss

Vi vurderer at det er naudsynt med ei utbetring av Leirvågkrysset som følgje av den auka trafikkmengda næringsområdet vil føre til. Rundkjøringar egner seg godt i kryss mellom veger av same type, og kan brukast for å redusere farten på ei innfartsåre. Med omsyn til trafikksikkerheit og trafikkavvikling vil rundkjøring vere det beste kryssalternativet i Leirvågkrysset. Vi vil krevje at krysset vert regulert som rundkjøring med ytre diameter minimum 35 meter, jamfør kapittel 4.2 i håndbok 263<sup>1</sup>. Etablering av rundkjøring vil vere eit rekkefølgjekrav frå vår side. Det må vere eit eige punkt i føresegnene til planen om at det ikkje kan gjevast mellombels bruksløyve for bygningar i området før rundkjøringa er ferdig etablert.

#### Kryssing for mjuke trafikantar

Statens vegvesen kan akseptere at ei planskilt kryssing for mjuke trafikantar vert bygd i samband med utbygging av bustadområda Ekornsåta/B36, og ikkje område N05, jamfør gjeldande kommunedelplan. Vårt krav om planskilt kryssing i ovannemnde brev kan difor sjåast vekk ifrå.

<sup>1</sup> Håndboka ligg på <http://www.vegvesen.no/Fag/Publikasjoner/Handboker>.

**Plangrense**

Statens vegvesen har ingen merknader til om kommunen ønsker å ta ut deler av fv 565 fra reguleringsplanen. Plangrensa bør gå om lag i grensa mellom Ekornsåta og friområdet, jamfør kommunedelplanen.


**Rekkefølgekrav**

Føresegnene må sette krav om at det skal utarbeidast ein byggteknisk plan for tiltaka i tilknytning til fylkesvegane og at planen skal godkjennast av Statens vegvesen før noko arbeid i marka vert sett i gang.


Med bakgrunn i vårt sektoransvar for mellom anna samordna areal- og transportplanlegging, trafikktryggleik og tilrettelegging for sykkel og gange, er det knytt **motsegn** til punkta som gjeld gang- og sykkelveg, kryss og rekkefølgekrav.

Vi viser elles til våre merknader i uttalebrev dagsett 4. juni 2012.

Vegavdeling Hordaland  
Med helsing




Olav Finne  
avdelingsdirektør



Sindre Lillebø

Kopi: Hordaland fylkeskommune, Planavdelinga, regional@hfk.no  
Fylkesmannen i Hordaland, Plan- og beredskap, fmhopostmottak@fylkesmannen.no





Austrheim kommune

5943 AUSTRHEIM

post@austrheim.kommune.no

04. januar 2013

Leirvågkrysset næringsområde, N05.  
Framlegg til reguleringsplan.  
Sakshandsaming, etter offentlig høyring.

---

I merknader frå Statens vegvesen datert 4. juni 2012 og Fylkemannen i Hordaland datert 21. 06. 2012 er det varsla motsegn.

Merknadene er vurderte i brev herifrå til Austrheim kommune datert 03. juli 2012 og i mitt notat av 21. august 2012 etter møte på kommunehuset i Austrheim 20. august 2012, og kommentert av Austrheim kommune i brev av 23. 08. 2012 der kommunen ber om at plankonsulent leverer nytt planframlegg.

Det ligg no føre endra uttale frå Statens vegvesen datert 12. 12. 2012 der det vert vist til vegvesenets brev datert 4. juni 2012 og til møte med kommunen 23. november 2012.

Av vegvesenet sitt nye brev av 12. 12. 2012 framgår (sitat) :

"Statens vegvesen kan akseptere at ei planskild kryssing for mjuke trafikantar vert bygd i samband med utbygging av bustadområda Ekornsåta/B36, og ikkje N05, jamfør gjeldande kommuneplan. Vårt krav om planskild kryssing i ovannemnde brev kan difor sjåast bort frå".

I det same brevet kjem det fram nye krav :

- Leirvågkrysset skal regulerast som rundkøyning med ytre diameter minimum 35 m
- gang- sykkelveg langs Fv57 ned mot Leirvåg i planen si utstrekning
- føresegn om byggteknisk plan for tiltaka i tilknytning til fylkesvegane
- føresegn om at det ikkje kan gjevast mellombels bruksløyve for bygningar i området før rundkjøringa og gang- og sykkelvegane er ferdig etablert
- motsegn til punkta som gjeld gang- og sykkelveg, kryss og rekkjefølgjekrav

Vegvesenet grunngjev kravet om ombygging av Leirvågkrysset til rundkøyning med den auka trafikkmengda næringsområdet vil føra til.

Vegvesenet viser elles til merknader i uttalebrev datert 4. juni 2012.

Det ligg no føre to skriv frå vegvesenet, med motsegner.

På vegvesenet sine nettsider (<http://www.vegvesen.no/Fag/Veg+og+gate/Planlegging/Innsigelse>) står det følgende om motsegn (eller "innsigelse") :

**Innsigelsesordningen skal sikre at overordnede interesser ivaretas tilstrekkelig i den kommunale planleggingen og at plansaker blir løftet til sentral avgjørelse dersom det er konflikt mellom myndigheter om viktige spørsmål.**

Berørte statlige og regionale myndigheter kan fremme innsigelse til forslag til kommune(del)plan og reguleringsplan dersom planforslaget er i strid med nasjonale eller vesentlige regionale interesser innenfor myndighetenes ansvarsområde. Nabokommuner kan fremme innsigelse mot planforslag i spørsmål som er av vesentlig betydning for kommunens innbyggere.

For Statens vegvesen og fylkeskommunen som vegmyndighet kan det for eksempel i vegplansaker være aktuelt å fremme innsigelse dersom de ikke kommer til enighet med kommunen om valg av løsning.

Når det foreligger innsigelse, vil kommunens kompetanse til å fatte planvedtak med rettsvirkning falle bort og avgjørelsesmyndigheten bli overført til Miljøverndepartementet.

#### **Mekling og oversendelse til Miljøverndepartementet**

Innsigelse skal fremmes så tidlig som mulig og senest innen den frist som er fastsatt for å avgi uttalelse til planforslaget. Dersom kommunen ikke tar hensyn til innsigelsen skal det normalt foretas mekling mellom partene med fylkesmannen som mekler. Dersom enighet ikke oppnås, treffer kommunen planvedtak og sender planen og innsigelsen med meklerens tilråding til Miljøverndepartementet. Departementet avgjør – i samråd med berørte departementer om innsigelsen skal tas til følge og planen endres.

Innsigelse er plan- og bygningslovens primære løsningsmodell ved konflikter mellom kommunen og statlige fagmyndigheter i plansaker. Innsigelse er imidlertid bare forutsatt brukt i viktige konfliktsaker.

På miljøverndepartementet sin nettsider

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/md/dok/veiledninger/2009/ny-versjon-lovkommentar-til-plandelen-i-kapittel-5-medvirkning-i-planleggingen/-5-4-myndighet-til-a-fremme-innsigelse-t.html?id=556754>

finn ein :

... Det er av flere grunner om å gjøre at bruken av innsigelse begrenses til de viktige sakene. Det er ønskelig at det innenfor hver enkelt sektor trekkes opp retningslinjer for når innsigelse skal gjøres gjeldende, slik at dette ikke skjer tilfeldig og for ulikt fra region til region. Det skal framgå klart av en innsigelse at det dreier seg om en innsigelse. Videre bør det gjøres rede for de statlige føringene som ligger til grunn for innsigelsen. En tilsynelatende mindre sak kan imidlertid reise viktige prinsipielle spørsmål, hvor valg av løsning kan ha betydelige konsekvenser utover den foreliggende sak. Dette kan gjøre at den er av vesentlig betydning og dermed rettfærdiggjør innsigelse. For å unngå tvil om slike tilfelle, er det åpnet for innsigelse også ved «andre grunner av vesentlig betydning for vedkommende myndighets saksområde». Med «andre grunner» siktes det blant annet til visse økonomiske grunner, som hensynet til budsjettet på vedkommende myndighets saksområde. Det er imidlertid de spesielle hensyn ved offentlig virksomhet og myndighetsutøvelse, og de offentlige hensyn som skal ivaretas, som er avgjørende. Om den foreslåtte løsning er mindre gunstig for vedkommende organs rent forretningsmessige lønnsomhet, ev. i egenskap av grunneier eller annet privatrettslig rettssubjekt, kan ikke være innsigelsesgrunn. Derimot vil det alltid kunne reises

innsigelse mot en plan som er i strid med bestemmelser i loven, statlig planretningslinje, statlig eller regional planbestemmelse, eller overordnet plan, jf. fjerde ledd.....

..... En innsigelse alltid skal begrunnes. Av begrunnelsen må det klart framgå hvorfor planen ikke kan godtas, og det må dokumenteres at det lovbestemte kriteriet for å fremme innsigelse er oppfylt.

Det er no kommuneadministrasjonens ansvar å førebu saka for 2. gangs handsaming i utvalet og deretter i kommunestyret.

Kommunale vurderingar, krav og godkjenningvilkår må formulerast skriftleg, dialogen med styresmakter med motsegnskompetanse må dokumenterast, og gjeldande retningsliner for avklaring av eventuelle konfliktspørsmål må etterlevast av alle partar.

Eg har utarbeidd ein "revisjonskladd" av plankartet med følgjande endringar som eg oppfatta å stå på kommunens ønskeliste i møtet den 20. august 2012 :

- vegetasjonsbelte mot Ekornsåta
- intern veg avslutta inne i området
- gangveg også på nedsida av kryss med intern veg, nord til plangrensa. Gangveg her var ikkje med i høyringsutkastet, og er heller ikkje nemnd i den første merknaden frå vegvesenet.
- påteikning av frisiktsoner, med påskrift

Revisjonskladden følgjer vedlagt.

Med helsing



Vedlegg: *Plankart, revisjonskladd datert 28. 08. 2012*

Kopi til : *Odd Haugen, 5943 Austrheim odd-haugen@c2i.net*



# AUSTRHEIM KOMMUNE

Rådmannen

siv.ing. Vidar Mjøs  
Fabrikkgt 7b  
5059 BERGEN

**Dykkar ref.**  
Brev av 04.01.2013

**Vår ref.**  
06/427 - 22

**Saksansvarleg**  
Rolf Raknes

**Arkivkode:**  
FA-L12

**Dato:**  
10.01.2013

## **Framlegg til reguleringsplan Leirvågkrysset næringsmråde, N05 - sakshandsaming etter off. høyring**

Viser til Dykkar brev av 04.01.2013.

Kommuneadministrasjonen har sett på det tilsendte plankart merka med revisjonskladd 28.08.2012. Det er positivt at dei momenta som det vart peika på i møtet med kommunen 20.08.2012 no er lagt inn.

Det er framleis eit faktum at det føreligg motsegn i høve til dette planforslaget frå Statens Vegvesen og frå Fylkesmannen i Hordaland (ang. manglande ROS analyse.)

Kommuneadministrasjonen vil sjølvsagt førebu saka for vidare politisk handsaming, men for å unngå unødig tidsspill fram til endeleg vedtak for planen vil me forsøkje å unngå mekling eller oversending til miljødepartementet. Kommunen tok difor initiativ til eit drøftingsmøte 23.11.2012 med Statens vegvesen for å klargjere deira krav til ulike planar, og der vart og denne planen drøfta. Konklusjonane frå dette møtet vart då formulert i form av ei justert uttale frå Statens vegvesen, der kravet om planskild kryssing er fråfalle. Kopi av referat og ny uttale ligg ved.

Kommunen vurderer at planforslaget no må justerast og leggest fram for Statens vegvesen og Fylkesmannen med førespurnad om at motsegner kan trekkast. Vår vurdering er at dette er den mest effektive saksgong fram til endeleg vedtak. Dette inneber for planen at:

1. Plankart (kladd 280812)justert plangrense i Fv57 mot Ekornsåta eigedom130/53
2. Plankart (kladd 280812) vert innteikna med rundkjøyring i Leirvågkrysset.
3. Føresegnene vert revidert med rekkefølgekrav i høve til merknad frå STV.
4. Det vert utarbeidd separat ROS-analyse.

Alle plandokument skal leverast etter reglane i FOR 2009-06-26 nr 861 ”Kart og Planforskrifta” og Nasjonal produktspesifikasjon for arealplan.

Kommunen forventar no at plankonsulent leverar i samsvar med dei ovanfor nemnde krav. Dersom dette vert levert raskt, og at motsegnene på det grunnlag vert fråfalle, vil kommunen ha som mål å slutthandsame planen denne våren.

Med helsing

Asbjørn Toft  
Avdelingsleiar Plan

Rolf Raknes  
ingeniør plan

**Kopi til:**  
Odd Haugen

5943 AUSTRHEIM



Statens vegvesen

AUSTRHEIM KOMMUNE

27 NOV. 2012

Saksnr.: 06/427	Saksh.: RRA
J.nr.: 73/2-21	Arkiv: 8/2
Kopi:	

## Referat

Dato: 23.11.2012  
Tid: 09.00 - 12.00  
Referent: Anne Marta B. Espelund

Sakshandsamar/Innvalsnr:  
Anne Marta B Espelund - 55516432  
Vår dato: 26.11.2012  
Vår referanse: 2012/144461-001

## Møte om planar under arbeid i Austrheim kommune.

### Møte nr:

Stad: Kommunehuset i Austrheim kommune

### Møteleiar:

Til stades: Rolf Raknes (Austrheim kommune), Asbjørn N. Toft (Austrheim kommune),  
Steinar Solberg (Statens vegvesen), Anne Marta B. Espelund (Statens vegvesen)

### Forfall:

Kopi til: Austrheim kommune, post@austrheim.kommune.no

Ansvar / frist

### Bakgrunn

Austrheim kommune (AK) har for tida fleire planprosjekt som involverer offentlig infrastruktur, og tok initiativ til eit drøftingsmøte. Planar som vart drøfta er som følgjer:

### Detaljregulering Næringsområde N05 Leirvågkrysset

Statens vegvesen (SVV) har gjeve uttale til planen, seinast i brev dagsett 4. juni 2012 (referanse.: 2012/057801-002). I brevet er det mellom anna stilt rekkefølgjekrav til etablering av gang og sykkelveg og ei planskilt kryssing for mjuke trafikantar.



I kommunedelplan Leirvåg, Litlås, Kaland og Fonnes er det lagt ut eit bustadområde vest for industriområdet N05. AK argumenterte for at ei planfri kryssing for mjuke trafikantar bør stillast som rekkefølgjekrav til bustadområdet i staden for til område N05.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 02030  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Orq.nr: 971032081

Kontoradresse  
Spelhaugen 12  
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Båtsfjordveien 18  
9815 VADSØ  
Telefon: 78 94 15 50  
Telefaks: 78 95 33 52

SVV kan akseptere at ei planskild kryssing for mjuke trafikantar vert bygd i samband med utbygging av bustadområda Ekornsåta/B36, og ikkje område N05. Ved utbygging av område N05 må det setjast krav til etablering av gang- og sykkelveg langs alle fylkesvegstrekingane i planområdet, samt at krysset mellom fv 565 og fv 57 vert utbetra. SVV skal diskutere internt kva kryssløysing det bør leggjast opp til. Det vart mellom anna drøfta om det burde etablerast høgresvingefelt eller rundkjøring.

Anne Marta/  
Steinar



Fylkesvegstrekinga mellom industriområdet og krysset til Fønnes senter er inkludert i planforslaget. På møtet var det semje om at det ikkje er naudsynt å ha heile denne strekinga med, men at plangrensa bør gå om lag i grensa mellom Ekornsåta og friområdet, jamfør kommunedelplanen.

#### **Gang og sykkelveg fv 565 Mastrevik – Toftegård.**

AK informerte om at det ligg føre plan- og profildeikningar og framlegg til planprogram for gang- og sykkelveg på strekinga Mastrevik – Toftegård. Det er ikkje prioritert midlar hjå fylkeskommunen til prosjektet.

SVV kan bidra med planfaglege råd i arbeidsgrupper e.l.

#### **Ulvøy friområde**

Kommunen ønskjer at gang- og sykkelvegen frå Mastrevik skal vere samanhengande fram til Kilstraumen. Dette er i tråd med SVV sin uttale til reguleringsplanen for Ulvøy (Referanse 2010196392-002). Planområdet skal utvidast slik at fylkesvegen og ei sone på 10 meter på nordsida av vegen vert inkludert.

#### **Kommunal veg forbi kommunehus**

AK arbeider med planar for å rette opp gatestrukturen i området med kommunehuset og kjøpesenteret.

#### *Busshaldeplassar*

Det vart drøfta ulike løysingar for busshaldeplass, mellom anna at det kan vere aktuelt å ha kantstopp for avstiging og busslomme for påstiging.

#### *Fartsgrense*

Det er ikkje regulert fartsgrense i dag. Det vart drøfta om det bør skiltast fartsgrense 40 km/t. Remy Furevik (Tlf.: 55516378, e-post: [remy.furevik@vegvesen.no](mailto:remy.furevik@vegvesen.no)) er SVV sin kontaktperson på dette fagområdet.

#### *Frisikt i kryss*

AK ønskjer å fylgje dei same krava til frisikt som vert nytta på fylkes- og riksvegar. SVV informerte om siktkrava, jamfør tabell under.

### Krav til frisikt (L1 og L2) på de forskjellige vegtyper (eksisterende veg)(Ny 017)

#### Kryss (L1)

Vegtype	S/H	S/H	S/H	S/H	SA	SA	SA	A3
ADT	0-1500	1500-4000	4000-8000	>8000	0-1500	1500-4000	>4000	0-300
	L1+1,5xLS	L1+1,5xLS	L1+1,5xLS	L1+1,5xLS	L1+1,2xLS	L1+1,2xLS	L1+1,2xLS	L1+LS
Fartsgrense/Fartsnivå								
30	38	40	42	43	28	28	30	20
40	55	59	61	64	38	41	44	30
50	76	80	84	88	52	56	61	45
60	100	105	111	117	69	74	81	60
70	129	136	143	150	89	95	104	80
80	161	170	180	188	112	120	130	100


S/H = Stamveger/Andre hovedveger  
SA = Samleveger  
A3 = Adkomstveger, spredt bebyggd

#### Avkjørsel (L1)

Vegtype	S/H	S/H	S/H	S/H	SA	SA	SA	A3
ADT	0-1500	1500-4000	4000-8000	>8000	0-1500	1500-4000	>4000	0-300
	L1+1,2xLS	L1+1,2xLS	L1+1,2xLS	L1+1,2xLS	L1+LS	L1+LS	L1+LS	L1+LS
Fartsgrense/Fartsnivå								
30	30	31	33	35	20	22	24	20
40	44	46	48	51	30	32	34	30
50	60	63	66	70	45	48	53	45
60	80	84	88	93	60	65	70	60
70	103	108	114	120	80	87	94	80
80	129	135	142	150	100	109	118	100

#### (L2)

Traffmengde i sek.veg	Fartsgrense/Fartsnivå i primærveg			
	30 og 40	50 og 60	70 og 80	
Avkj. ADT<50	3	4	4	
Avkj. ADT=50	4	6	6	
Kryss ADT<100	4	6	6	
Kryss 100<ADT<500	6	6	10	
Kryss ADT>500	6	10	10	



Utarbeidet av: Tor S. Nordbee  
Ser-Rogaland distrikt  
Region vest

### Gang- og sykkelvegloesingar i Austrheim

Det var semje om at det hadde vore positivt med eit nytt møte mellom AK og SVV der ein tok for seg prinsippa med gang- og sykkelveg i heile kommunen.





## Statens vegvesen

Austrheim kommune  
5943 AUSTRHEIM

AUSTRHEIM KOMMUNE	
14 DES. 2012	
Saksnr.: 06/427	Saksh.: PRA
J.nr.: 4632-20	Arkiv: 2/12
Kopi:	

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Anne Marta B Espelund - 55516432

Vår referanse:  
2012/057801-003

Dykkar referanse:

Vår dato:  
12.12.2012

### Endra uttale - Austrheim kommune. Næringsområde N05 Leirvågkrysset.

Viser til vår uttale til framlegg til reguleringsplan for næringsområde N05 Leirvågkrysset dagsett 4. juni 2012 og møte med dykk 23. november 2012. Etter samtaler med dykk og interne drøftingar har vi følgjande tilleggsmerknader i vår uttale:

#### Gang og sykkelveg

Vi vil krevje at det vert regulert gang- og sykkelveg langs alle fylkesvegstrekingane i planområdet. Det vil seie at det òg må regulast gang- og sykkelveg langs fv 57 ned mot Leirvåg i planen si utsrekning. Etablering av gang og sykkelveg vil vere eit rekkefølgjekrav frå vår side. Det må vere eit eige punkt i føresegnene til planen om at det ikkje kan gjevast mellombels bruksløyve for bygningar i området før gang og sykkelvegen er ferdig etablert.

#### Kryss

Vi vurderer at det er naudsynt med ei utbetring av Leirvågkrysset som følgje av den auka trafikkmengda næringsområdet vil føre til. Rundkjøringar egner seg godt i kryss mellom veger av same type, og kan brukast for å redusere farten på ei innfartsåre. Med omsyn til trafikksikkerheit og trafikkavvikling vil rundkjøring vere det beste kryssalternativet i Leirvågkrysset. Vi vil krevje at krysset vert regulert som rundkjøring med ytre diameter minimum 35 meter, jamfør kapittel 4.2 i håndbok 263<sup>1</sup>. Etablering av rundkjøring vil vere eit rekkefølgjekrav frå vår side. Det må vere eit eige punkt i føresegnene til planen om at det ikkje kan gjevast mellombels bruksløyve for bygningar i området før rundkjøringa er ferdig etablert.

#### Kryssing for mjuke trafikantar

Statens vegvesen kan akseptere at ei planskilt kryssing for mjuke trafikantar vert bygd i samband med utbygging av bustadområda Ekornsåta/B36, og ikkje område N05, jamfør gjeldande kommunedelplan. Vårt krav om planskilt kryssing i ovannemnde brev kan difor sjåast vekk ifrå.

<sup>1</sup> Håndboka ligg på <http://www.vegvesen.no/Fag/Publikasjoner/Handboker>.

**Plangrense**

Statens vegvesen har ingen merknader til om kommunen ønsker å ta ut deler av fv 565 fra reguleringsplanen. Plangrensa bør gå om lag i grensa mellom Ekornsåta og friområdet, jamfør kommunedelplanen.


**Rekkefølgekrav**

Føresegnene må sette krav om at det skal utarbeidast ein byggtknisk plan for tiltaka i tilknytning til fylkesvegane og at planen skal godkjennast av Statens vegvesen før noko arbeid i marka vert sett i gang.


Med bakgrunn i vårt sektoransvar for mellom anna samordna areal- og transportplanlegging, trafikktryggleik og tilrettelegging for sykkel og gange, er det knytt **motsegn** til punkta som gjeld gang- og sykkelveg, kryss og rekkefølgekrav.

Vi viser elles til våre merknader i uttalebrev dagsett 4. juni 2012.

Vegavdeling Hordaland  
Med helsing



Olav Finne  
avdelingsdirektør



Sindre Lillebø

Kopi: Hordaland fylkeskommune, Planavdelinga, regional@hfk.no  
Fylkesmannen i Hordaland, Plan- og beredskap, fmhopostmottak@fylkesmannen.no



# AUSTRHEIM KOMMUNE

Rådmannen

Siv.ing. Vidar Mjøs  
Fabrikkgt 7b  
5059 BERGEN

<b>Dykkar ref.</b>	<b>Vår ref.</b>	<b>Saksansvarleg</b>	<b>Arkivkode:</b>	<b>Dato:</b>
	06/427 - 24	Rolf Raknes	FA-L12	04.02.2013

## Svar på dokumentunderlag for vidare handsaming av detaljplan Leirvågkrysset næringsområde N05

Viser til tidlegare korrespondanse omkring revisjon av dokument for vidare prosess i arbeidet med detaljplanen. Kommunen har no moteke revidert plankart der nokre av dei føreslegne endringane er lagt inn, men framleis manglar areal til rundkjøring. Samstundes er det framleis ikkje lagt ved eigen ROS analyse for planen. Før kommunen kan gå til forhandling om attendetrekking av motsegn med vegvesen og fylkesmann, må planen leggast fram med fylgjande oppdaterte dokument.

Plankart (inkludert areal til rundkjøring)  
Planskildring (inkludert enkel konsekvensutredning)  
Planføresegner (med rekkefølgekrav ref. merkn. vegvesen)  
ROS-analyse

Kommuneadministrasjonen forventar at ansvarleg plankonsulent innehar eller framskaffar den kompetanse som skal til for å planlegge dei ulike tiltaka som skal inn i planen. Dette gjeld også for utarbeiding av ROS-analyse. Som beskrive i tidlegare brev skal alle plandokument leverast etter reglane i FOR 2009-06-26 nr 861 "Kart og Planforskrifta" og Nasjonal produktspesifikasjon for arealplan.

Med helsing

Asbjørn N. Toft  
Avdelingsleiar

Rolf Raknes  
ingeniør plan

### Kopi til:

Odd Håkon Haugen                      Hoplandssjøen 32                      5943                      AUSTRHEIM

## Post Austrheim

**Fra:** Asbjørn Nagell Toft  
**Sendt:** 19. november 2013 15:08  
**Til:** vidar-mj@online.no  
**Kopi:** odd-haugen@c2i.net; Per Lerøy; Jan Olav Osen; Olav Mongstad; Rolf Raknes; Rolf Henning Myrnes; Post Austrheim  
**Emne:** Reguleringsplan for Leirvågkrysset Næringsområde NO5-Møte om framdrift  
**Vedlegg:** 62188\_1\_A.pdf

Til siv. Ing. Vidar Mjøs

AUSTRHEIM KOMMUNE	
20 NOV. 2013	
Saksnr.: 06/427	Saksh.: RRA
J.nr.: 7774.25	Arkiv: C12
Kopi:	

### Referat frå møte om Næringsområde NO5 for Leirvågkrysset den 19.11.2013

Austrheim kommune hadde den 19.11.2013 på kommunehuset i Austrheim møte med Odd Haugen om framdrifta på reguleringsplanen for **Næringsområde NO5 Leirvågkrysset.**

**Frå Austrheim kommune deltok:** Ordførar Per Lerøy, rådmann Jan Olav Osen og avdelingsleiar Asbjørn Nagell Toft

Møtelyden vart samde om at Vidar Mjøs må levere planmateriale i tråd med brev datert den 10.01.2013 og 04.02.2013 frå Austrheim kommune til Vidar Mjøs. Planområdet må gå til grensa til eigedom gnr. 130, bnr. 53. Her må det på plass gangveg/fortau til eigedomsgrensa på plankartet.

**Pb 4 Vegetasjonsskjerm** vert då utvida tilsvarende til eigedomsgrensa gnr. 130, bnr. 53.

Elles ser plankartet no fint ut. Rundkøyringa er no planlagt på kartet, det er positivt, den skulle planleggjast i tråd med vegvesenet sine krav i brev datert 12.12.2012 under overskrift **Kryss.**

**Elles må det leverast til Austrheim kommune før reguleringsplanen kan vidare handsamast følgjande:**


1. Planskildring (inkl. enkel konsekvensutgreiing)
2. Planføresegner (med rekkefølgekrav ref. merknad frå vegvesen datert 12.12.2012)
3. Det må utarbeidast separat ROS-analyse.

Austrheim kommune viser elles til innhaldet i våre to brev skrive i januar og februar 2013 til deg kva krav me set til plandokumenta.


Austrheim vil etter at me har motteke desse plandokumenta frå dykk gå vidare med forhandlingar med offentlege instansar om innhaldet i planen og om økonomiske tilhøve/fordeling m.m.. Dette til orientering.

Mvh.

Asbjørn Nagell Toft  
avdelingsleiar



- TEHNFORKLARING**
- I Eigninger og onlegg
  - T Induktif
  - T Teknisk onlegg
  - Sonferdel og teknisk infrastruktur
  - Veg
    - 2011 Kjøreveg
    - 2016 Gangveg, fortau
    - 2111 Anna vegareal
  - Grensstruktur
  - FL 3100 Fåstuvrønde
  - Pb 3500 Vegetasjonstjenn
  - Omsynszone
  - LS FriskM (14)
- Plan grense
  - Kommunegrense
  - Omsynsgrense
  - Sjuggrense
  - Sierlineveg
  - Regulert kart larebane
  - Planlagt formgrense
  - Rickline



REVISJONSKLADD 28. 08. 2012

**PLANKART 2012**

AUSTRHEIM KOMMUNE		Mål
Reguleringsplan for		A0 : 1 : 1000
Grn. 128 Leivvåg bnr. 8 m. fl.		A2 : 1 : 2000
Leivvågkrysset næringsområde		A4 : 1 : 4000
<b>SAKSHANDSAMING</b>		
1. gangs handtering i planutvallet	Date - sign.	
Offentleg e Helsing		
2. gangs handtering i planutvallet		
Kommunesiret		
<b>REVISJONAR</b>		
<b>Odd Haugen</b>	Date	Sist revidert
Div. v. Vidar Mjøs	11. 04. 2006	12. 03. 2012
Leivvåg nr. 128 307 800 00	Prosjekt nr. 422	Tekning nr. 11

# Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
141/14	Formannskapet	PS	24.06.2014

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Asbjørn Nagell Toft	HistSak - 07/1302, PlanID - 2007006, Gbnr - 140/1	14/858

## Detaljregulering for Torvhaugane bustadfelt- Leikvoll- Gbnr 140/1- Arealplanid 2007006- Offentleg ettersyn

### Vedlegg:

Framlegg til reguleringsplan - Torvhaugane bustadfelt, Leikvoll  
oversendingsmail  
kart  
Reguleringsføresegner  
kart - bustadfelt  
Planomtale - utkast

### Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune legg detaljregulering for Torvhaugane bustadfelt- Leikvoll- Gbnr 140/1 med Arealplanid 2007006 på vilkår ut på offentlig ettersyn.  
-Vilkåret er at oppdatert plankart i tråd med vedtak og som omtalt i saksutgreiinga vert levert av planleggjar til Austrheim kommune før detaljreguleringa formelt vert sendt ut til offentlig ettersyn.

### Plankartet må endrast her:

1. Fortau på minimum 2, 5 meter må teikast inn på plankaret på Veg1 og veg FV3.
2. Snuhammar må på plass ved enden av vegane FV2 og FV3.
3. Fartsdumpar på plasserast ved avkøyring ved Fylkesv. på Veg1 og på Veg1 før kryss til Veg2.
4. Frisikt må teiknast inn og visast på plankartet ved alle vegkryss i planområdet.
5. Byggjegrænse må teiknast inn minimum fem meter frå alle areal regulert til vegformål.
6. Stadar for renovasjon/postkassar må teiknast inn minimum tre stadar i bustadfeltet.

### Føresegnene må endrast her:

Desse punkta må inn i føresegnene som rekkjefølgjekrav i detaljreguleringa:

1. Gangvegen Fgv (felles gangareal) må vera ferdig opparbeid samstundes med FV2.
2. Det må byggjast fortau frå Fylkesvegen på Veg 1 til der FV1 møter Veg2 før byggjeløyve til hus i bustadfeltet kan gjevast.
3. Veg2 skal stengast med bom mot veg FV1, her skal berre mjuke trafikantar kunne koma

forbi.

4. Ved enden av veg FV2 og veg FV3 må det byggjast snuhammar/snuplass samstundes med vegen.
5. Det må byggjast minimum to møteplassar på Veg1 og minimum to fartsdumpar på Veg1 i vegkrysset før Veg2 frå vest og ved vegkrysset på Veg1 før avkøyringa inn på fylkesvegen før byggjeløyve kan gjevast til bustadhus i planområdet.
6. Alle frisikta skal vera opparbeidde og godkjente før det kan gjevast bruksløyve til bustadane som nyttar desse vegkryssa.

Grunngjevinga for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i Plan- og bygningslova si § 12-10.

### **Saksopplysninger:**

Saka gjeld planframlegg til detaljregulering for Torvhaugane bustadfelt på Leikvoll. Plandokumenta er datert 21.05.2014 og er kome inn frå planleggjar siv. ing. Vidar Mjøs. Tiltakshavar er Egil Leikvoll. Planomtale og føresegnar er datert 21.05.2014, men plankartet er datert 20.05.2014. Reguleringsplanen som har arealplanid. 2007006 er på gnr. 140, del av bnr. 1. Dette er i område avsett i kommuneplanen sin arealdel som bustadområde (B 29). Her er det plankrav før utbygging kan skje. I tillegg vil reguleringsplanen omfatta areal for ny veg i LNF-område fram til bustadfeltet frå fylkesvegen mellom Solend og Årås. Detaljreguleringa er i tråd med kommuneplanen sin arealdel som vart godkjent i 2007.

Det er planlagt 12 nye bustadar her, fordelt på 4 tomannsbustadar og 8 einebustadar, til saman 16 bustadeiningar. Det er mogeleg å byggja sekunærbustadar optil 75 m<sup>2</sup> på einebustadane, dette er i praksis ofte kjellarleiligheitar som eventuelt kan leigast ut. Bustadfeltet er på om lag 25 dekar. Det er eit hus frå før her i dette planområdet og ein frådelt tomt utan hus på i dag. Bustadområde skal knyttast til det offentlege leidingsnettet for avlaup og vatn som er ved fylkesvegen her. Avstanden til skule er om lag 2 km om ein går langs veg. Om ein går stien sør for idrettsannlegget ved Austrheim Idrettspark vert avstanden til Årås skule på om lag 1 km i luftlinje. Planleggjar skriv at ROS-analysen viser at dette arealet er eigna til utbyggingsformål. Planarbeidet vart kunngjort i lokalavisene i januar i 2008. Det kom inn 6 merknadar til oppstartvarslet, dei er referert nærmare i vedlagt planomtale. Desse var:

**Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernavdelinga, datert 10. 12. 2007.**

**Olaf Inge Håland, datert 18. 12. 2007.**

**Eivind Normann Magnussen, datert 27. 12. 2007.**

**Oskar Svein Magnussen, datert 04. 01. 2008.**

**Hordaland Fylkeskommune, kultur- og idrettsavdelinga, datert 09. 01. 2008.**

**Fylkesmannen i Hordaland, landbruksavdelinga, datert 11. 01. 2008.**

**Planleggjar sin kommentar:** Planleggjar skriv at merknadene vert å ta til orientering. Planleggjar skriv og at med utgangspunkt i mottekne merknader til oppstartsvarselet har tiltakshavar og

konsulent vurdert alternative løysingar for tilkomstvegen. Desse vart sendt til ulike grunneigarar på gnr. 140 som ein lokal orientering den 3. april 2008, det kom ingen merknad tilbake på denne. Planleggjar skriv at to grunneigarar utafor bustadfeltet vert berørt av tilkomstvegen og at det må framforhandlast avtalar om vegrett eller grunnavståing her. Planleggjar skriv og i planomtalen at «Til dei to etablerte tomtane i planområdet vil det kunna leverast ny veg og nye tekniske anlegg.»

### **Naturmangfald**

Planområdet ligg i utkanten av garden Leikvoll og deler av planområdet er teke i bruk til byggjeføremål. I området langs den planlagte tilkomstvegen var det ei tid maskinell torvproduksjon, skriv planleggjar. Forslagsstillar skriv at dei «*ikkje kjenner til at det i og ved området er eit særskild"...naturmangfold: biologisk mangfold, landskapsmessig mangfold og geologisk mangfold, som ikkje i det alt vesentlige er et resultat av menneskers påvirkning (Nml §3).*» Planleggjar skriv at søk i Naturbase gjev heller ingen indikasjonar på dette.

### **Risiko og sårbarhet (ROS)**

Planleggjar skriv at: *Planområdet ligg i flatt lende med god byggjegrund (fjell dekket av eit relativt skrint jordlag) om lag 20 meter over havet, utan fare for ras eller flaum. Det er ingen verksemdar i nærleiken som kan medføre fare. Arealet er eigna til utbyggingsføremål. Området grensar til utmark med lyng, men faren for lyng- og grasbrann er ikkje større her enn andre stader i kommunen. I samband med utbygginga vert det ført fram offentleg vassleidning til området, med uttak for brannvatn.*

### **Vurdering:**

Rådmannen meiner at ROS-analysen viser at dette arealet er eigna til utbyggingsformål, men vil peika på at arealet omkring dette planlagt bustadfeltet er eit større LNF-område, og at denne nye arealbruken er vesentleg avvikande frå «nærmaste nabolag». Det gjer at det er ein viss risiko for lyng og utmarksbrann i dette bustadområdet. Rådmannen meiner at dette kan avbøtast med å ha ein aktiv beitebruk i dette området, det å motivera landbruksnæringa til å ha aktiv drift i LNF-områda omkring bustadfeltet er ein viktig sak heile Nordhordland.

Rådmannen set pris på at planleggjar har undersøkt den planlagte utbygginga her i forhold til Naturmangfaldslova og ser at planane her ikkje kjem i strid med denne på nokon måte.

Rådmannen vil peike på at denne reguleringsplane ikkje utløyser KU då planarbeidet er i tråd med kommuneplanen sin arealdel, verknadane av planen er skildra i overordna plan. I lovteksten står det at «*Konsekvensutredning kan utelates for nærmere bestemte reguleringsplaner når disse er i samsvar med kommuneplanens arealdel eller områderegulering, og hvor virkningene er tilfredsstillende beskrevet i overordnet plan.*»

Rådmannen synes og det er positivt for planarbeidet at Hordaland Fylkeskommune skriv at dei ikkje har kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne i det aktuelle planområdet. Rådmannen synes og det er positivt at planleggjar har imøtekomme Fylkesmannen i Hordaland sine merknadar.

Rådmannen vil peike på planleggjar har regulert hovudvegen til bustadfeltet (Veg 1) med ein breidde



på 4m og 1m sideareal på kvar side, samla reguleringsbreidde 6 m. Nokre av fellesvegane har mindre reguleringsbreidde. Hovedvegen frå fylkesvegen (Veg 1), og sambindingsvegen frå denne nordover mot den eksisterande kommunale veggen på Leikvoll (Veg 2), er regulerte som offentlege. Dei andre vegane er regulerte som fellesvegar. Det er lagt inn to møteplassar på Veg 1. Rådmannen meiner at det må regulast inn fortau på minimum 2,5 meter frå Fylkesvegen der Veg1 startar til der Veg1 møter Veg 2. Det må og regulast inn fortau på Veg FV3 på plankartet på minimum 2,5 meter. Ved enden av FV 2 og FV3 må det regulast inn ein snuhammar/snuplass. Det må og etablerast minimum to fartsdumpar på Veg 1 i vegkrysset før Veg 2 frå vest og ved vegkrysset på Veg 1 før avkøyninga inn på fylkesvegen. Rådmannen meiner at tryggleiken til dei mjuke trafikantane må vega tung i slike bustadfelt.

Rådmannen vil peike på at det og er naudsynt å regulera inn frisikta med siktlinje ved alle vegkryss på plankartet. Gangvegen Fgv (felles gangareal) må vera ferdig opparbeid samstundes med FV2. Veg 2 skal stengast med bom mot FV1, her skal berre mjuke trafikantar kunne koma forbi til vanleg. Det må etablerast og regulast inn på plankartet minimum 3 stadar for buss og postkassar i bustadfeltet. Desse må samlast i mindre overbygde bygg og teiknast inn på plankartet der dei ikkje kjem i konflikt med frisikt eller fortau/vegareal. Desse punkta må og inn i føresegnene som rekkjefølgjekrav. Rådmannen vil peike på at det må koma på plass ei byggjegrænse i byggjeområda mot alle bilvegar i bustadfeltet som er fem meter frå område regulert til offentlege trafikkområde eller regulert til felles veg. Desse tiltaka må gjennomførast for å ivareta tryggleiken til dei mjuke trafikantane i planområdet.

Rådmannen vil peika på at bustadane er tenkt forsynt med vatn frå offentleg vassleidning langs Solenvegen, med avløp attende i same lina, motsett veg. Dette synes rådmannen er ein god løysing. Før det kan gjevast byggjeløyve i planområdet for nye bygg må denne infrastrukturen vera på plass ved omsøkt tomt. Dette for å ivarta dei som skal byggja seg hus her og bu i desse. Dette er trygga i føresegna. Rådmannen meiner at desse endringane som her er føreslått under må på plass på plankartet og føresegnene før Austrheim kommune sender detaljreguleringa formelt ut av kommunehuset til offentleg ettersyn.

#### **Plankartet må endrast her:**

1. Fortau på minimum 2,5 meter må teikast inn på plankartet på Veg 1 og veg FV3.
2. Snuhammar må på plass ved enden av veg FV2 og veg FV3.
3. Fartsdumpar på plasserast ved avkøyning ved Fylkesv. på Veg1 og på Veg1 før kryss til Veg2.
4. Frisikt må teiknast inn og visast på plankartet ved alle vegkryss.
5. Byggjegrænse må teiknast inn minimum fem meter frå alle areal regulert til vegformål.
6. Stadar for renovasjon/postkassar må teiknast inn minimum tre stadar i bustadfeltet.

#### **Føresegnene må endrast her:**

Desse punkta må inn i føresegnene som rekkjefølgjekrav i detaljreguleringa:

1. Gangvegen Fgv (felles gangareal) må vera ferdig opparbeid samstundes med veg FV2.
2. Det må byggjast fortau frå Fylkesvegen på Veg1 til der FV1 møter Veg2 før byggjeløyve til hus i bustadfeltet kan gjevast.
3. Veg 2 skal stengast med bom mot veg FV1, her skal berre mjuke trafikantar kunne koma forbi.
4. Ved enden av veg FV2 og veg FV3 må det byggjast snuhammar/snuplass samstundes med


vegen.

5. Det må byggjast minimum to møteplassar på veg 1 og minimum to fartsdumpar på Veg 1 i vegkrysset før Veg 2 frå vest og ved vegkrysset på Veg 1 før avkøyringa inn på fylkesvegen før byggjeløyve kan gjevast til bustadhus i planområdet.
6. Alle frisiko skal vera opparbeidde og godkjente før det kan gjevast bruksløyve til bustadane som nyttar desse vegkryssa.
- 7.

Rådmannen rår til med desse endringane som her er føreslått på plankartet og i føresegn å leggja Detaljregulering for Torvhaugane bustadfelt- Leikvoll- Gbnr 140/1 med Arealplanid 2007006 på vilkår ut på offentleg ettersyn. Vilkåret er at oppdatert plankart i tråd med vedtak vert levert av planleggjar til Austrheim kommune før detaljreguleringa formelt vert sendt ut til offentlege og private instansar til offentleg ettersyn. Endringane i føresegn tek administrasjonen seg av før detaljreguleringa vert sendt ut.

### **Konklusjon:**

Austrheim kommune legg detaljregulering for Torvhaugane bustadfelt- Leikvoll- Gbnr 140/1 med Arealplanid 2007006 på vilkår ut på offentleg ettersyn. Vilkåret er at oppdatert plankart i tråd med vedtak vert levert av planleggjar til Austrheim kommune før detaljreguleringa formelt vert sendt ut til offentleg ettersyn. Viser elles til saksutgreiinga.



Austrheim kommune

5943 AUSTRHEIM

[post@austrheim.kommune.no](mailto:post@austrheim.kommune.no)

21. mai 2014

**Gnr. 140 Leikvoll, del av bnr. 1 m. fl. Torvhaugane bustadfelt.  
Framlegg til reguleringsplan. ArealplanID 2007006.**

---

Kommunens brev av 19. 05. 2014, ref. 14/858 - 14/3830.

Vedlagt følger separate .pdf-dokument med arealplanID 2007006 :

- Plankart
- Føresegner
- Planomtale

Det er gjort følgjande korreksjonar i dokumenta :

- Plankartet
  - o grunnlagskartet er skifta ut
- Føresegnene
  - o tillegg er sett med raud skrift
- Planomtalen
  - o det er lagt til eit nytt avsnitt med vurdering av ROS og Naturmangfald.

Vidare legg eg ved ei .pdf-utskrift av dei planelementa som etter mitt skjønn skal takast med i sosi-fila (utan illustrasjon av bygg, tomtegrenser, diverse påskrift osv.). Eg vil be om at kommunen bekreftar dette før eg tingar konvertering.

Med helsing

Vidar Mjøs

*Vedlegg*

*Kopi :*

*Egil Leikvoll [egil.leikvoll@outlook.com];*


*leikvoll9 [leikvoll9@msn.com]*

---

**Fra:** Vidar Mjøs <vidar-mj@online.no>  
**Sendt:** 21. mai 2014 14:02  
**Til:** Post Austrheim  
**Kopi:** Rolf Raknes; egil.leikvoll@outlook.com; 'leikvoll9'  
**Emne:** Torvhaugane bustadfelt, Leikvoll. ArealplanID 2007006  
**Vedlegg:** 2007006 Torvhaugane Plankart A3 2000 200514.pdf; B17 - 1 -ak-planframlegg-167-oppfølging - 210514.pdf; 2007006 Torvhaugane Reguleringsføresegner 210514.pdf; 2007006 Torvhaugane Sosimodell 210514.pdf; 2007006 Torvhaugane Planomtale 210514.pdf

Vedlagt sender eg plandokument med følgjeskriv.


Mvh  
Vidar Mjøs  
Siv. ing. Vidar Mjøs  
Fabrikkg 7b, 5059 Bergen  
[vidar-mj@online.no](mailto:vidar-mj@online.no)  
tlf 55598262 mob 90788921



- TEIKNFORKLARING**
- Plangrense
  - - - Formålsgrense
  - Byggiegrense
  - Tomtegrense
  - ..... Frisiktline

- Byggeområde (§25.1)**
- B Bustader
- Offentlege trafikkområde (25.3)**
- Veg Kjøreveg
  - Veg Kjøreveg med fortau eller gangveg
- Fellesområde (§25.7)**
- FV Felles veg
  - FP Felles parkering
  - Fgv Felles gangareal
  - FL Fellesareal for lek og opphald
- Spesialområde (§25.6)**
- Friskitsone

- ILLUSTRASJONAR :**
- Einebustad :**
- maximal monehøgde
  - M+15.0 vegg mot terreng
  - G+7.0 garasje
  - golvhøgde (grunnplanet) innkjørsel
- Tomannsbustad
  - S Samlingsplass



<b>AUSTRHEIM KOMMUNE</b> Reguleringsplan for <b>Torvhaugane bustadfelt</b> Gnr. 140 Leikvoll, del av bnr. 1 m. fl. ArealplanID 2007006		Mål Sjå målestav
<b>SAKSHANDSAMING</b> 1. gangs handsaming i planutvalet Offentleg ettersyn 2. gangs handsaming i planutvalet Kommunestyret		Dato / sign.
<b>REVISJONAR</b> A : Nytt grunnlagskart, EUREF koordinatsystem		20. 05. 2014/VM
Egil Leikvoll Siv. ing. Vidar Mjøs Fabrikkgaten 7B, 5059 BERGEN	Dato 07. 04. 2008 Prosjekt nr. 167	Sist revidert 20. 05. 2014 Teikning nr. 01A

Austrheim kommune  
Gnr. 140 Leikvoll, del av bnr. 1  
Torvhaugane bustadfelt

## reguleringsføresegner

framlegg

7. april 2008

Retta 21. mai 2014

### § 1 GENERELT

- 1.1 Planområdet er avgrensa med stipla line på plankart i mål 1 : 1 000, datert 4. april 2008, sist revidert.....
- 1.2 Areala i planområdet er regulert til desse føremåla :
- byggeområde
  - bustader
  - trafikkområde
  - kjørevegar
  - fellesområde
  - felles vegar
  - fellesareal for leik og opphald
  - felles parkering
- 1.3 Dersom det i samband med gravearbeid kjem fram funn eller konstruksjonar, må ha arbeidet straks stansast og fylkeskonservatoren få melding for ei nærare gransking på staden, jfr. Kulturminnelova §8, 2. ledd.
- 1.4 **Infrastruktur (vegar, leidningsanlegg mv.) og fellesanlegg (for opphald, leik mv.) skal vera ferdigstilt så langt at behovet for den enkelte bustaden er dekkja før det kan gjevast bruksløyve. Opparbeiding av leikeareal FL1 med planering og drenering med toppdekke i rett høgde, skal vera utført før det vert gjeve bruksløyve for tiltak som kan knytast til fellesveg FV3.**

### § 2 FELLES FØRESEGNER

#### 2.2 Bygningane

- 2.2.1 Bygningane skal plasserast innafor generelle byggjegranser mot naboeigedom gitt i plan- og bygningslova eller spesielle byggjegranser innteikna på plankartet.
- 2.2.2 Maksimalt tilletne mønehøgder er påført plankartet.
- 2.3 Tilkomst og parkering**
- 2.3.1 Der tilkomst til tomt ikkje er vist på plankartet vert framlegg til plassering vist i byggjemeldinga
- 2.3.2 Parkeringsareal skal opparbeidast etter gjeldande parkeringsnormer i kommunen
- 2.3.3 Garasje kan, innafor reglane i plan- og bygningslova, oppførast i nabogrense, og saman med nabogarasje under eitt tak. Plassering av garasje skal visast på situasjonsplan som følgjer byggemeldinga, sjølv om garasjen ikkje skal oppførast samtidig med bustadhuset.

#### 2.4 Ubebygde areal.

- 2.4.1 Ingen tomtar kan tilplantast med busker eller tre som kan verka sjenerande for offentleg ferdsel. Dei ubebygde delane av tomtane må gjevast ei tiltalende form og handsaming.

### § 3 BYGGJEOMRÅDE

#### 3.1 Bustader

- 3.1.1. Områda skal nyttast til bustader med tilhøyrande anlegg.
- 3.1.2. Bygningane skal utførast som frittliggjande einebustader
- 3.1.3. I einebustadene kan det også innreiast ei bueining nr. 2 med bruksareal inntil 75 m<sup>2</sup>.
- 3.1.4. Tilleten tomteutnytting, rekna som samla bruksareal (BRA) i prosent av tomtearealet, er påført plankartet.
- 3.1.5. Minste uteopphaldsareal pr. bueining (MUA) skal vera 200 m<sup>2</sup>

### § 4 SPESIALOMRÅDE

#### 4.1 Friluftsområde

Skjøtsel av skog og anna vedlikehald må utførast på ein skånsam måte og slik at ein ikkje reduserer området


verdi som grønt område med almen ferdselsrett etter friluftsløva. Tre som er til vesentleg ulempe for bustadomtane med tanke på utsikt og solinnfall, eller som kan representera fåre, skal fjernast.

#### **4.2 Frisiktsoner**

Ved kryss og avkjørslar skal det i området mellom frisiktlinja og tilstøytande vegar (frisiktsonene) vera fri sikt i 0,5 m høgde.

### **§ 5 FELLESOMRÅDE**

- 5.1 Felles vegar skal vera felles for aktuelle brukarar
- 5.2 Felles areal for leik og opphald skal vera felles for bustadfeltet
- 5.3 Felles parkering FP1 skal vera felles gjesteparkering for bustadfeltet



# Torvhaugane bustadfelt

Gnr. 140 Leikvoll, del av bnr. 1 m. fl.

ArealplanID 2007006

Planelement i Sosi-fil

21. 05. 2014 / VM




Egil Leikvoll

reguleringsplan for  
**Torvhaugane**  
bustadfelt  
arealplanID 2007006


gnr. 140 Leikvoll, del av bnr. 1  
i Austrheim kommune

Planomtale  
**UTKAST**

7. april 2008  
med tillegg (ROS og Naturmangfold) 21. mai 2014



Siv. ing. **Vidar Mjøs** Fabrikkgaten 7B, 5059 BERGEN  
telefon 55 59 82 62 telefaks 55 59 82 57 vidar-mj@online.no



Oversiktskart

## INNHOLD :

PLANGRUNNLAGET .....	3
Bakgrunn .....	3
Plansituasjon .....	3
Oppstart av planarbeidet .....	4
Planprogrammet .....	4
Merknader til oppstartsvarselet .....	4
Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernavdelinga, 10. 12. 07 .....	4
Olaf Inge Håland, 18. 12. 07 .....	4
Eivind Normann Magnussen, 27. 12. 07 .....	4
Oskar Svein Magnussen, 04. 01. 08 .....	5
Hordaland Fylkeskommune, kultur- og idrettsavdelinga, 09. 01. 08 .....	5
Fylkesmannen i Hordaland, landbruksavdelinga, 11. 01. 08 .....	5
Vurdering .....	5
Medverknad .....	5
Synfaring 28. febr. 08 .....	5
Mogeleg tilleggsutbygging på naboeigedomar .....	5

Lokal orientering / høyring .....	6
PLANOMRÅDET .....	7
PLANEN .....	8
Hovedgrep .....	8
Tilkomsvegen .....	8
Utbyggingstekniske tilhøve .....	10
Detaljar .....	10
Vegane .....	10
Tekniske anlegg .....	10
Kraftforsyning .....	11
Konsekvensane av planen .....	11
Areal .....	11
VEDLEGG .....	11
Plandokument .....	11
Plankart .....	11
Føresegner .....	11
Arealoversikt .....	11
Oppstartsdokument .....	11
Orienteringsbrev med adresseliste .....	11
Kunngjering .....	11
Kopi av mottekne merknader .....	11
Oppsummering og vurdering av mottekne merknader .....	11
TILLEGG mai 2014 .....	11
Risiko og sårbarhet (ROS) .....	11
Naturmangfald .....	12


## PLANGRUNNLAGET

### Bakgrunn

Det vart i år 2000 utarbeidd eit skisseframlegg til eit mindre bustadfelt på Torvhaugane på Leikvoll.

### Plansituasjon


Området er no avsett til bustadføremål i gjeldande kommuneplan (B29).



*Utsnitt av kommuneplanen*

## Oppstart av planarbeidet

vart varsla med orienteringsbrev til naboar og styresmakter 26. november 2007, og kunngjort i avisene Strilen og Nordhordland, med merknadsfrist 3. januar 2008.



*Planområdet (i oppstartsmeldinga)*

## Planprogrammet

er skissert slik i orienteringsbrevet :

ö Planområdet omfattar felt B29 i kommune-planen.

I tillegg vil reguleringsplanen omfatta areal for ny veg fram til feltet, frå fylkesvegen mellom Årás og Solen. Området skal tilknyttast offentlege leidningsanlegg langs denne vegen.

I ei førebels planskisse er det illustrert 14 nye bustader, fordelt på 10 einebustader og 4 tomannsbustaderö

Det er motteke 6

## Merknader til oppstartsvarelet

Innhaldet i merknadene er referert stikkordsmessig nedafor. Direkte sitat frå merknad er sett i kursiv.

Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernavingdelinga, 10. 12. 07

*.....Etter det vi kan sjå ligg delar av planområdet i LNF, og er såleis i strid med kommuneplanen.*

*.....Vi rår til at det vert avsett min. 50 m<sup>2</sup> pr. bustad....til felles grøntområde og min 5 daa friareal ikkje meir enn 200 m frå bustaden.....*

Olaf Inge Håland, 18. 12. 07

eig bnr. 4, og ønskjer ikkje at eigedommen skal verta delt i to slik planen legg opp til. Kan vera med på å drøfta ei løysing der vegen føl den gamle kjerrevegen gjennom utmarka gjennom Leikvoll og Hjertås. Ei alternativ løysing som kunne kome alle bruka på Leikvoll til nytte var ei opprusting av den kommunale vegen som går til Leikvoll

Eivind Normann Magnussen, 27. 12. 07

viser til brev av 21. september 2007 (som er ei førebels orientering til berørte grunneigarar om at ein tenkjer å byggja ny veg med leidningsanlegg frå fylkesvegen til Solen. Det ser ut for at dette brevet ikkje er kome fram til alle rette vedkomande).

*...:Er ikke enig i at det skal legges ny veg og ledningsanlegg over bnr. 7 inn til bnr. 1*

*Torvhaugane bustadfelt. ...Etter min mening må det beste alternativet være å benytte kommunal vei fram til snuplass på bnr. 5 og videre på sjøveien frem til "Stadsporten", og*

*ledningsanlegg kan legges ved siden av. Dette må bli den beste løsningen, med hensyn til gammel og ny bebyggelse...*

Oskar Svein Magnussen, 04. 01. 08

gjer framlegg om å leggja veg og avløp i sjøbygdevegen som brukarane på Hjertås har att rettar til frå gamalt av.

Hordaland Fylkeskommune, kultur- og idrettsavdelinga, 09. 01. 08

*.....Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne i det aktuelle planområdet, og har difor ingen merknader på noverande stadium i planprosessen. ....*

Fylkesmannen i Hordaland, landbruksavdelinga, 11. 01. 08

*...har ingen landbruksfaglege merknader til saka*

## Vurdering

Merknadene vert å ta til orientering.

Berørte grunneigarar er negative til skissert ny vegline og ønskjer heller å rusta opp den kommunale vegen, med leidningsanlegg.

Dette kan vera tema for samtalar med andre grunneigarar :

- korleis skal ein kunna finansiera opprusting av kommunevegen, med leidningsanlegg?
- kan dette gje sjøfallande avløp (utan pumpestasjon) for avløpet frå Søre Leikvoll ?
- kan det vera aktuelt med ei ringvegløysing ? (både gammal og ny veg, samanbundne).
- har andre grunneigarar utbyggingsplanar for sine eigedomar ?

## Medverknad

Med utgangspunkt i mottekne merknader til oppstartsvarselet har tiltakshavar og konsulent vurdert alternative løysingar for tilkomstvegen..

Synfaring 28. febr. 08

med Svein Magnussen :(bnr. 7)


Ein gjekk frå Leikvollvegen, langs den gamle ösjøbygdevegenö, mot Solenvegen (ca. stipla grøn stek på skissa ovafor).

Magnussen

- hadde oppfatta orienteringsbrevet slik at ein hadde tenkt å ta av frå Solenvegen lenger nord. (Skissa i orienteringsbrevet viser for så vidt dette, og kan vera årsak til mistydingar)
- var samd i at vegen måtte følgja vassdraget oppover og gå på sørsida av bnr. 9
- var oppteken av at ein tek hand om bekken på skikkeleg vis og legg til rette for god drenering av myrområdet sørafor.
- såg høgspentlinene på bnr. 7 som eit hinder for utbygging på denne eigedomen.

Mogeleg tilleggsutbygging på naboeigedomar

På skissa på neste side er det, i tillegg til den aktuelle utbygginga på bnr. 1 (avgrensa med stipla svart strek), også skissert nokre tomtar på bnr. 4 og 7 som kan knytast til den nye vegen, og det er illustrert nokre tomtar på bnr. 5 sør for feltet.



### Lokal orientering / høyring

Eit førebels utkast til planomtale, med oppsummering av innkomne merknader, og med skissa ovafor, vart sendt 3. april 08 til følgjande, til orientering og eventuell tilbakemelding av synspunkt og kommentarar :

:

140	3	Trond Leikvoll	Sætre	5943	AUSTRHEIM
140	4	Olav Inge Håland	Leikvoll	5943	AUSTRHEIM
140	5	Asgeir Ove Leikvoll	Leikvoll	5943	AUSTRHEIM
140	7	Eivind Norman Magnussen	Leikvoll	5943	AUSTRHEIM
140	7	Oskar Svein Magnussen	Leikvoll	5943	AUSTRHEIM

Ein har pr. dato ikkje teke mot ytterlegare merknader i saka.

## PLANOMRÅDET

ligg på Leikvoll, eit stykke sør for snuplassen på kommunevegen. Frå kommunevegen går det ein felles veg ned til Gassevågen.

Det aktuelle bustadfeltet er om lag 25 daa.

I feltet er det får før etablert ein bustad, og det er frådelt ein tomt som ikkje er teken i bruk.

Feltet ligg på ein låg åsrygg, om lag 20 meter over havet. Området drenerer dels nordover, i retning Gassevågen, men det meste av feltet har avrenning vestover mot bekken som renn nordover frå Solen og inni Årås-vassdraget som renn sørover att mot Forlandsvågen.

Grunntilhøva er gode, dels fjell i dagen, dels myrar som ein kan rekna med er relativt grunne. Det er ikkje fare for ras eller flaum eller liknande.

Avstanden til barnehage, skule og idrettsanlegg er om lag 1 km i luftline, gjennom utmarka mellom Leikvoll og Vikane, der det er eldre gangliner som på sikt kan utviklast til gangvegar. Til senterområdet (Mastrevik torg) med kommunehus og forretningar er det om lag 2 km.

Bnr. 1 har vegrett og naustrett i Gassevågen, der det kan vera rom for å utvikla ei lita båthamn med fleire plassar, som også kan koma bustadfeltet til gode.



*Mot planområdet (omkring granskogen) og vidare nordover Leikvollgarden.  
Gassevågen nede til høgre. Dalføret ned til Solenvegen til venstre.*

## PLANEN

### Hovedgrep

#### Tilkomstvegen


Planen for bustadfeltet er basert på tilknytning til offentlege anlegg langs Solenvegen (om lag som vist i skisse i orienteringsbrevet).

Tilkomstvegen frå Solenvegen er tenkt lagt slik i terrenget at den også skal kunna nyttast som fundament før leidningsanlegg med sjølfall ned mot dei offentlege anlegga.


Tilkomstvegen vil kunna erstatta dei gamle vegrettane til oppsitjarar på Leikvoll og Hjertås, til sjø og naustrettar i Gassevågen.

I utskiftingsdokumenta frå 1892 er det omtala ein 2 m brei køyreveg gjennom området (om lag som skissert med grøn stipla strek på etterfølgjande skisse). Ein reknar med at dei gamle vegrettane har avgrensa verdi, og at det må forhandlast fram avtalar med berørte eigarar om grunn til køyreveg etter notidig standard og krav.

Veg og leidningsanlegg må i utgangspunktet kostast av feltutbyggjaren. Det bør setjast opp avtalar som regulerer driftsansvaret (offentleg eller felles/privat) og vederlaget for at andre utbyggjarar skal kunna nytta anlegga.







Planframlegget inneholdt 8 nye tomter for einebustader og 4 nye tomter for tomannsbustader, tilsaman 16 bustader (med rom for eventuelle ekstra bueingar inntil 75 m<sup>2</sup> i einebustadane).

Bustadane er i hovedsak orientert med møneretning søraust-nordvest, i tråd med den lokale byggeskikken og terrengformene.

Det er lagt vekt på at flest mogeleg av bustadene skal få godt solinnfall og god utsikt. Gjennomsnittleg tomtestorleik er om lag 1 daa.

### Utbyggingstekniske tilhøve

På austsida av bnr. 22 og 27 er terrenget relativt flatt. Her kan veg og leidningar eventuelt leggjast med fall sørover.

Veg eventuell ringveg via bnr 5 kan den samla lengda på vegar og leidningsanlegg, og dermed kostnaden, reduserast (vegen i korridoren vest for bnr. 27 kan sløyfast)

Det vil truleg verta overskot på myrjord i området. Denne bør kunna tippast i myra i vest, i kombinasjon med drenasje bør ein her kunna laga både parsellhagar og leikeplass/ bane med grasdekke.

For vegbygginga vert det truleg steinunderskot, og behov for rimelege tilkøyrd steinmassar.

### Detaljar

#### Vegane


i bustadfeltet er stort sett regulerte med ei kjørebane med breidde 4m og 1m sideareal på kva side, samla reguleringsbreidde 6 m. Nokre av fellesvegane har mindre reguleringsbreidde.

Hovedvegen frå fylkesvegen (Veg 1), og sambindingsvegen frå denne nordover mot den eksisterande kommunale veggen på Leikvoll (Veg 2), er regulerte som offentlege. Dei andre vegane er regulerte som fellesvegar.

Det er lagt inn to møteplassar på Veg 1.

#### Tekniske anlegg

Bygningane er tenkt forsynt med vatn frå offentleg vassleidning langs Solenvegen, med avløp attende i same lina, motsett veg.



## Krafftforsyning

Utbygginga vil truleg medføre behov for tiltak i BKK sitt forsyningsnett i form av ny nettstasjon og framføring av 22kV til denne. Detaljane må avklarast med BKK Nett.

## Konsekvensane av planen

er at det vert opna for ei moderat nybygging og bustadutvikling på søre delen av Leikvollgarden, basert på ny veg frå Solenvegen.

2 grunneigarar utafør bustadfeltet vert berørt av tilkomstvegen. Det må framforhandlast avtalar om vegrett eller grunnavståing, helst kombinert med avtalar om bruk av og vederlag for vegar og tekniske anlegg ved eventuelle seinare byggjetiltak på desse eigedomane.

Til dei to etablerte tomtane i planområdet vil det kunna leverast ny veg og nye tekniske anlegg.

## Areala

i planområdet, og storleiken på dei enkelte tomtane, er sett opp i eigne tabellar.

## VEDLEGG

### Plandokument

- Plankart
- Føresegner
- Arealoversikt

### Oppstartsdokument

- Orienteringsbrev med adresseliste
- Kunngjering
- Kopi av mottekne merknader
- Oppsummering og vurdering av mottekne merknader

## TILLEGG mai 2014

### Risiko og sårbarhet (ROS)

Planområdet ligg i flatt lende med god byggjegrund (fjell dekkja av eit relativt skrint jordlag) om lag 20 meter over havet, utan fare for ras eller flaum. Det er ingen verksemdar i nærleiken som kan medføre fare. Arealet er eigna til utbyggingsføremål.

I planområdet er det ein del granskog som vil verta teken ned i samband med utbygginga. Området grensar til utmark med lyng, men faren for lyng- og grasbrann er ikkje større her enn andre stader i kommunen.

I samband med utbygginga vert det ført fram offentleg vassleidning til området, med uttak for brannvatn.


Sjekkliste :

er det tale om ein arealbruk som er vesentleg avvikande frå arealbruken i næraste nabolag ?	Nei
er det kjend risiko knytt til naturtilhøve i området ?	Nei
vil den planlagte arealbruken utfordra naturen ?	Nei
vil nærliggjande verksemdar utgjera ein risiko ?	Nei
kan planlagte bygg og anlegg skapa ny risiko ?	Nei
ligg det føre overordna analysar og krav som kan ha betydning for arealbruken i området ?	Nei

## Naturmangfald

Planområdet ligg i utkanten av garden Leikvoll og deler av planområdet er teke i bruk til byggjeføremål. I området langs den planlagte tilkomstvegen var det ei tid maskinell torvproduksjon. Forslagsstillar kjenner ikkje til at det i og ved området er eit særskild "...naturmangfold: biologisk mangfold, landskapsmessig mangfold og geologisk mangfold, som ikke i det alt vesentlige er et resultat av menneskers påvirkning (Nml §3).

Søk i Naturbase gjev heller ingen indikasjonar på dette :



Naturbase : Vaulen er registrert som naturtype og artsområde. Det er registrert eitt enkelt kulturminne nordaust for Vaulen og eitt ved vegen til Gassevågen.

# Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
142/14	Formannskapet	PS	24.06.2014

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jan Olav Osen	FE - 220, HistSak - 12/133	14/979

## Søknad om tilskot for erstatning av trådløst utstyr

### Framlegg til vedtak:

Austrheim formannskap løyver kr. 43.000,- til innkjøp av trådløst utstyr(mikrofonar) for erstatning av trådløst utstyr.

Kostnaden kr. 43.000,- vert dekkja frå post 149038011902- Tilleggsøyving formannskapet.

### Saksopplysninger:

#### Bakgrunn

**Austrheim Songlag og Austrheim Ungdomslag v/ Kjell Leikvoll søker i skriv av 23.01.14 om tilskot for erstatning av trådløst utstyr ( mikrofonar).**

#### I søknaden står det fylgjande:

Regjeringa har beslutta at frekvensområdet 790-862 MHz skal brukast til mobilkommunikasjon.

Frå 1. januar 2014 er det forbodet å bruka sendarar/mottakarar som er innanfor dette området, som er det området som har vore mest brukt til trådlause mikrofonar.

Dette betyr at dei fleste lag og organisasjonar som brukar trådløst utstyr må skifta ut dette, sjølv om det dei har er i topp stand.

Austrheim Ungdomslag og Austrheim Songlag, har i mange år samarbeidd om bruk av utstyr når me opptrer på konsertar, revyar og andre framføringar. Me er heilt avhengige av å kunna bruka trådløst utstyr, dette er dyrt og me må sjå på alle løysingar for å kunna klara oss sjølve i daglig drift av laga.

Alt trådløst utstyr er teke godt vare på og fungera like godt som nytt, men sidan be slutninga frå regjeringa kom, kan dei no ikkje brukast lenger.

Me vil derfor be om økonomisk støtte frå kommunen til å erstatta utstyret me ikkje lenger kan bruka.

Utstyret me har bestemt oss for er av same merke som det me allereie har. Me kan derfor bruka delar av det ( bøyler mm), sparer då ca. kr. 13.000.- når det skal kjøpast. Eit komplett sett av dette utstyret, som er eitt av dei rimelege systema, vil vera ca. kr.97.000.- Me har fått indikasjon frå leverandør om at me kan få 25% rabatt på utstyret, og når me trekkjer frå dette saman med det me kan bruka, vert summen litt over kr. 63.000.-

Austrheim Ungdomslag og Austrheim Songlag har set av kr 10 000,- kvar til innkjøp av lyd utstyr.

Søker difor Austrheim kommune kr 43 000,- i støtte til innkjøp.

## **Vurdering**

**Eg finn det rimeleg at Austrheim songlag og Austrheim Ungdomslag frå kr. 43.000,- i tilskot til innkjøp av utstyr.**

## **Konklusjon**

**Eg rår til fylgjande:**

Austrheim formannskap løyver kr. 43.000,- til innkjøp av trådløst utstyr(mikrofonar) for erstatning av trådløst utstyr.

Kostnaden kr. 43.000,- vert dekkja frå post 149038011902- Tilleggsføring formannskapet.

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
143/14	Formannskapet	PS	24.06.2014

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jan Olav Osen		14/1022

### Budsjettoppfølgning mai 2014

#### Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram til handsaming i møte.

#### Saksopplysninger:

Bakgrunn

Vurdering

Folkehelse

Miljø

Økonomi

Konklusjon